

Kystkultur -
tradisjon og utvikling

www.kystsogevekene.no

12. august til 17. september

Kystsoge vekene

Stiftinga Kystsogevkene



2017

Stormønstring av kystkultur

i 22 kommunar på Vestlandet

Velkommen til Kystsogevekene 2017!

Det er duka for dei 21. kystsogevekene. Kystsogevekene har i denne tida verkeleg vorte ei kystkulturmonstring me kan vere stolte av.

Lena Eikeland Kutschera byrja i januar i ny jobb etter 11 år som dagleg leiar i Kystsogevekene. Ho har vore ein trufast, dyktig og verdsett dagleg leiar i stiftinga. Lena fekk velfortent heider under årets representantskapsmøte.

Etter god søknad og ein grundig prosess, vart Kjell Magnus Økland tilsett som ny dagleg leiar i stiftinga frå januar 2017. Han er ein kystkulturens mann med

klare visjonar for Kystsogevekene. Kjell Magnus gav i 2016 ut verket OSELVAR DEN LEVANDE BÅTEN og var den som skreiv nominasjonen som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvsliste over gode vernepraksisar. Kystsogevekene er no difor inne i ein fase med nytenking. Det ligg føre ein solid kystsogeveke-tradisjon med potensiale for utvikling mot breiare deltaking og aktivitet under kystsogevekene. I løpet av våren har Kjell Magnus vore mykje på farten rundt om i kommunane og samla innspel og idear. Ein av tankane er ei inspirasjonssamling for kommunane og arrangørar til vinteren. Eit anna døme er å ta båten og sjøen meir i

Program for opningsdagen i Strusshamn Laurdag 12 august

Båtrute: Vestgar

- 1100** Avgang frå Vågen i Bergen
- 1130** Kleppestø
- 1200** Follese
- 1230** Ankomst Strusshamn
- 1700** Retur til Bergen



Foto: Kjell Magnus Økland

Foto: Trond Nesmann Berntsen



Grafisk formgjeving: Øyvind Lothe, Reine Linjer.
Foto framsida, robåt: Kjell Magnus Økland, gutar: Espen Kutschera

bruk som aktiv arena heller enn berre som passiv kulisse. Dette vil du høyre meir om i tida frametter. Programheftet og heimesida www.kystsogevekene.no er fornya. Nytt av året er det også at alle ordførarane helsar i programheftet.

Opninga er i år lagt til historiske Strusshamn på Askøy. Laurdag 12. august vert ein festdag med aktivitetar og underhaldning for store og små på både sjø og land. Vestgar går frå Vågen i Bergen via Kleppestø, Follese og til Strusshamn.

Kystsogevekene legg i samspel med den einskilde kommune fram eit mangfaldig og ramsalt program!

Program i Strusshamn:

1100 Bli med utpå og trekk garn frå robåt. Me greier garn og fangst på kaien på Holmen.

Askøy Kystlag:

Kafé, knop og stikk på Holmen, bygging av strikkbåtar, Roknappen, utlån av robåtar og kanoar. Askøy Seilforening tar med folk utpå i både store og små båtar. Askøy Museumslag inviterer oss inn til utstillinga, Rolf Olsen-samlinga og til visning av historisk film. Askøy Husflidslag og Askøy Brukskunstlag «det røde hus» sel husflid og handverksprodukt. Sykkel VM – «Race to celebrate» «hinderløype» for sykkel. Kulturhistorisk vandring i Strusshamn ved Erling Virkesdal.

Gjennom hundretals små og store arrangement, vert kystkulturen løfta fram i all sin breidde. I dei 22 kommunane vert det lagt ned ein imponerende dugnadsinnsats, eg takkar kvar og ein for innsatsen. Programmet inneheld noko for ein kvar smak. Studer programmet – og ta del i arrangementa!

Vel møtt til kjekke kystsogeveker!

Børge Haugetun
Styreleiar Stiftinga
Kystsogevekene



Askøy Kajakklubb inviterer oss ut på sjøen. Sal av mat og drikke.

12.30 Vestgar klappar til kais i Strusshamn med kulturelle innslag, samt gjester fra Bergen, Kleppestø og Follese.

13.00 Offisiell opning med talar ved ordførar i Askøy, Stiftinga Kystsogevekene og helsing frå Hordaland Fylkeskommune.

Kultur og musikkinnslag

17.00 Avslutning og retur med Vestgar til Bergen.



Foto: Trond Nesmann Berntsen

Program for august

Fredag 11. august

Lindås: Viking og mellomaldermarknad på **Lygra:** Arr. Nordhordland Frie Vikinger.
Austrheim: Familiedagar ved Mastrevik kai. Arr. Austrheim Ungdomsklubb.
Austrheim: Konsert med Hanne Sørvaag på Fønnesdagane. Arr. Fønnes Bygdalag.
Sund: Konsert med Lothepus og dans med Chicksa. Arr. Panorama Hotell Marsteinen.
Fitjar: Fitjarfestivalen dag 1. Arr. Fitjarfestivalen.

Laurdag 12. august

Askøy: opning av Kystsogevekene på Stusshamn. Arr. Strusshamn Kultursenter, Askøy kommune.
Bømlo: Opning av Kystsogevekeutstilling med Bjørg Strømme. Arr. Moster Amfi.
Bømlo: Konsert med Nordic Tenors. Arr. Moster Amfi.
Radøy: Familiedag i Nøtlevågen. Arr. Nøtlevåg Meieri.
Austevoll: Oselvar-NM. Arr. Austevoll Seilforening.
Fitjar: Fitjarfestivalen dag 2. Arr. Fitjarfestivalen.
Gulen: Open dag på Sellevåg Treskofabrikk. Arr. Magne Sellevåg.
Gulen: Laurdagsope på Gulen Fiskarbondemuseum. Arr. Gulen Fiskarbondemuseum.

Sundag 13. august

Radøy: Opning av Kystsogevekene i Radøy. Arr. Risnes Grendalag.
Sveio: Fyrjazz på Ryvarden. Arr. Sildajazzen. Masfjorden: Konsert med Lars Martin Myhre. Arr. Sommarscena / Masfjorden kommune.
Bergen: «Som å reisa i gamle dagar....», Arr. Stiftelsen DS Stord1, Veteranotog Gamle Vossebanen, Veteranbusslaget.
Os: Trollbundet av Ole Bull. Arr. Museet Lysøen.
Gulen: Kaidag i Furnes. Brandangersund Samfunnshus.
Fitjar: Fitjarfestivalen dag 3. Arr. Fitjarfestivalen.

Tysdag 15. august

Gulen: Seminar om forvaltning og formidling av freda kulturminner. Arr. Gulattinget.

Onsdag 16. august

Fedje: Open dag på trafikksentralen. Arr. Fedje Sjøtrafikksentral.

Torsdag 17. august

Lindås: Padletur /Esevågen-Hindenes. Arr. Nordhordland Turlag.

Fredag 18. august

Stord: Historisk reise i Sunnhordland med DS Stord1. Arr. Stiftelsen DS Stord1.
Austevoll: Konsert Storm Weather Shanty Choir i Hengjo. Arr. Bekkjarvik Eiendom.
Sund: Hamnedagane på Kleppe. Arr. Kleppe Grendalag.
Bergen: Helgekurs i kipebinding på Hordamuseet. Arr. Hordamuseet.

Laurdag 19. august

Austevoll: Kystsogedag i Bekkjarvik. Arr. Bekkjarvik Eiendom.
Tysnes: Dansegalla i Tysneshallen. Arr. Tysnes Musikklag.
Askøy: Regattaen Askøy Rundt. Askøy Seilforening.
Radøy: Open motorsamling. Arr. Radøy Motorsamling.
Os: Offisiell opning av Kystsogevekene i Os på Vedholmen. Arr. Os kommune, Os Fritidsfiskarlag.
Austrheim: Tur i fiskarbonden sitt rike på Krossøy. Arr. Krossøy Grendalag.
Bergen: Kretsmesterskap for Knarr på Fanafjorden/Korsfjorden. Arr. Milde Båtlag.
Øygarden: Triatlonen Coastman Norway. Arr. Ågotnes Triatlonklubb.

Sundag 20. august

Bergen: Gøy på landet på Hordamuseet. Arr. Hordamuseet.
Askøy: Hanevikdagen. Arr. Hanevikdagen. Kvinnherad: Fartøybygging i Ølve 1850-1960. Arr. Ølve Bygdalag.

Lindås: Omvisning på «Kåken» i Tirebotn. Arr. Lindås Sogelag.
Radøy: Open dag på Radøy Ridesenter. Arr. Radøy Ridesenter, Radøy kommune.
Kvinnherad: Museumsdag på Rød. Arr. Bygdetunet Rød.
Masfjorden: Bjørn West-marsjen. Arr. Bjørn West-museet.
Stord: Kanotur på Storavatnet ved Litlabø. Arr. Barnas Turlag, Stord-Fitjar Turlag.

Onsdag 23. august

Lindås: Foredrag ved John Ragnar Myking: Bergenserane skapar strilen. Arr. Lindås Bibliotek.
Bergen: Foredrag om Oselvaren ved Kjell Magnus Økland. Arr. Laksevåg Kulturhistoriske Forening.

Torsdag 24. august

Lindås: Padletur Feste Nøtlevågen. Arr. Nordhordland Turlag.

Fredag 25. august

Lindås: Konsert med Sigvart Dagsland i Knarvik kyrkje. Arr. Musikkens Venner Nordhordland, Knarvikmila.
Øygarden: Strilashow med Cato og Claus. Arr. Kystmuseet i Øygarden.
Meland: Kystsogedagane på Holmeknappen dag 1. Arr. Kystsogedagane i Meland.
Bømlo: Kystsogedagane i Langevåg dag 1. Arr. Langevåg Bygdatur.
Askøy: Vikingmarknad på Herdla dag 1. Arr. Askøy Vikinglag.

Laurdag 26. august

Sveio: Konsert med rømmegraut i sjøhuset i Buavåg. Arr. Sveio Gullforening.
Radøy: Kurs i Ølbyrugging i tingstova på Manger. Arr. Keipane Kystlag.
Fusa: Strilashow med Cato og Claus i ungdomshuset Breidablikk. Arr. Sævareidfjorden Ungdomslag.
Fjell: Langøymarknaden. Arr. Fjell Kystlag.
Osterøy: Opning av nyrestaurert tursti. Arr. Klyvvikje gard.
Austevoll: Seinsommarkos på Horgo. Arr. Austevoll Turlag.

Askøy: Fortsdagen - aktivitetssdag på Herdla fort. Arr. Herdla Museum.
Tysnes: Kystkultur i kunsten dag 1. Arr. Dokkegalleriet på Breidablikk.

Meland: Kystsogedagane på Holmeknappen dag 2. Arr. Kystsogedagane i Meland.
Bømlo: Kystsogedagane i Langevåg dag 2. Arr. Langevåg Bygdatur.
Askøy: Vikingmarknad på Herdla dag 2. Arr. Askøy Vikinglag.
Askøy: Askøy på langs. Arr. Askøy Orienteringslag, Askøy Turlag, Ask Friidrett
Stord: Vervadagen i Sagvåg. Arr. Sagvågen Kystlag

Sundag 27. august

Fjell: Det store sildastenget på Algrøyna i 1924. Arr. Fjell Kulturminnelag, Algrøy Bygdalag, Fjell Turlag.
Lindås: Å berga eit handverk – foredrag om Oselvaren ved Åsmund Lien. Arr. Eknesvågens Venner.
Radøy: Familiedag med fiskekonkurranse i Sæbøvågen. Arr. Keipane Kystlag.
Radøy: Open gard på Vågenes. Arr. Radøy Bondelag, Radøy Sau og Geit, Radøy Bonde og Småbrukarlag.
Fusa: Kystsogedag i Sævareid og på Engdevik Gaard. Arr. Engdevik Gaard, Sævareidfjorden Ungdomslag.
Austevoll: Tre-fjellstur i Austevoll: Loddoskaftefjellet-Veten. Arr. Austevoll Turlag.
Osterøy: Leik i fjøra. Arr. Osterøy Turlag.
Bergen: Vikingtokt frå Sandviken til Kollavågen. Arr. Barnas Turlag, Os Turlag.
Sund: Kystkultursterne i Trellevik. Arr. Folkeakademiet i Sund.
Tysnes: Kystkultur i kunsten dag 2. Arr. Dokkegalleriet på Breidablikk.
Meland: Kystsogedagane på Holmeknappen dag 3. Arr. Kystsogedagane i Meland.
Bømlo: Kystsogedagane i Langevåg dag 3. Arr. Langevåg Bygdatur.
Askøy: Vikingmarknad på Herdla dag 3. Arr. Askøy Vikinglag.
Stord: Vervagudsteneste på kaien i Sagvåg. Arr. Sagvågen Kystlag

Måndag 28. august

Radøy: Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850. Arr. Hordabø skule, Radøy Sogelag.

Os: Oselvardagen - undervisningsopplegg for 9. klassane i Os byrjar. Arr. Os kommune, Oselvarverkstaden, Oselvarlaget.

Tysdag 29. august

Radøy: Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850. Arr. Hordabø skule, Radøy Sogelag.

Onsdag 30. august

Radøy: Flatbrød- og potelefskurs ved slippen i Sæbøvågen. Arr. Keipane Kystlag. Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850. Arr. Hordabø skule, Radøy Sogelag.

Torsdag 31. august

Lindås: Padletur ved Eikangervåg. Arr. Nordhordland Turlag.

Program for september

Fredag 1. september

Tysnes: Banning og bøn - naud og nåde ved sokneprest Reidar Ådnanes. Arr. Kulturkyrkja Onarheim

Radøy: Konsert med Grieg og folkemusikk på Sæbø skule. Arr. Radøy musikk- og kulturskule.

Bømlo: Kanaldagane ved Kullseidkanalen dag 1. Arr. Kanaldagane.

Øygarden: Strilafestivalen ved Torsvikhuset dag 1. Arr. Strilafestivalen.

Laurdag 2. september

Kvinnherad: Bergslagedag på Sunde. Arr. Bergslagen på Sunde.

Tysnes: Husflidsmessa på Tysnes dag 1. Arr. Tysnes Husflidslag.

Os: Oselvarfestivalen 2017 på Osøyri dag 1. Arr. Os kommune, Oselvarlaget, Oselvarverkstaden.

Bergen/Os/Tysnes: Eventyrseglasen Askeladden dag 1. Arr. Milde Båtlag, Os Seilforening.

Bømlo: Kanaldagane ved Kullseidkanalen dag 2. Arr. Kanaldagane.

Øygarden: Strilafestivalen ved Torsvikhuset dag 2. Arr. Strilafestivalen.

Sundag 3. september

Sveio: Temadag om boking i Kysttunet i Auklandshamn. Arr. Sveio Kystlag

Bergen: «Som å reisa i gamle dagar....», Arr. Stiftelsen DS Stord1, Veterantoget Gamle Vossebanen, Veteranbusslaget.

Austevoll: Kom deg ut på Spissøy. Arr. Austevoll Turlag.

Os: Kom deg ut dagen - på Lysøen. Arr. Museet Lysøen, Os Turlag.

Kvinnherad: Kom deg ut dagen - på Valøya på Valen. Arr. Kvinnherad Turlag.

Stord: Kom deg ut dagen - v/Skjephaugen. Arr. Barnas Turlag, Stord Turlag.

Tysnes: Husflidsmessa på Tysnes dag 2. Arr. Tysnes Husflidslag.

Os: Oselvarfestivalen 2017 på Osøyri dag 2. Arr. Os kommune, Oselvarlaget, Bergen/Os/Tysnes: Eventyrseglasen Askeladden dag 2. Arr. Milde Båtlag, Os Seilforening.

Bømlo: Kanaldagane ved Kulleseidkanalen dag 3. Arr. Kanaldagane.

Onsdag 6. september

Stord: Nausttufta til eit vikingskip. Arr. Stord Sogelag, Rommetveit Skule,

Villvettene friluftsbarnhage.

Kvinnherad: Foredrag om restaurering av Gjøva ved Morten Hesthammer i Folgefonnsenteret. Arr. Interesselaget for Galeas Gurine.

Austevoll: Fjelltur til Midtjøllet og Kongsen på Selbjørn. Arr. Stord-Fitjar Turlag.

Øygarden: Fottur til Tjeldstø-Alvheimsmarka-Tjeldstø. Arr. Fjell Turlag.

Øygarden: Strilen i Irland Arr. Kystmuseet i Øygarden.

Torsdag 7. september

Radøy: Padletur Snekkevik-Taulsvåg. Arr. Nordhordland Turlag.

Laurdag 9. september

Radøy: Risnesmarknaden. Arr. Risnes Grendalag.

Radøy: Forestilling om Gjest Baardsen og konsert i løa i Venshøyen. Arr. Risnes Grendalag. **Radøy:** Ramsalt korkafe på Knarvik Ungdomsskule. Arr. Alvidt/Manger.

Radøy: Korps på friluftstur til Tveitåsen. Arr. Manger Skulemusikklag.

Bergen: Regattaen Bergen Singelhanded – berre ein person i kvar båt.

Arr. Bergens Seilforening.

Bergen: Sandviksdagane. Arr. Norges Fiskerimuseum med fleire.

Sundag 10. september

Fusa: Kystsogedag på Tønnegarden. Arr. Tønnegarden.

Lindås: Minipadlekurs med Nordhordland padlekklubb i Eknesvågen. Arr. Eknesvågens Venner.

Radøy: Familiedag ved Marås Grendahus. Arr. Marøy 4H.

Tysnes: Foredrag om Svartedauden ved Birger Lindanger i skulehuset på Skorpo. Arr. Tysnes Sogelag.

Sveio: Kystlandskapsdagen på Tjernagel. Arr. Kystlandskapsparken i Sveio.

Radøy: Livet på prærien. Arr. Vestnorsk Utvandringscenter.

Tysdag 12. september

Lindås: Utpå med skuto - kulturhistorisk undervisningsopplegg for grunnskulen. Lyngheiserenteret på Lygra, Brøvikskuto.

Onsdag 13. september

Radøy: Kveldsmat-tur til Storufsen. Arr. Barnas Turlag, Nordhordland Turlag.

Meland: Debatt om kva vi vil med Kystsovekeken framover. Arr. Meland kommune, Radøy kommune, Lindås kommune.

Askøy: Kveldsmat-tur til Solsnes Friluftsområde. Arr. Barnas Turlag, Askøy Turlag.

Fredag 15. september

Fedje: Historiske føredrag med utstilling i Fedjehallen. Arr. Fedje Historielag.

Laurdag 16. september

Fedje: Small Ships Race, basar, dans.

Arr. Bjørn Aadne Kvalvik, Fedje Idremisjon, Fab No 8.

Askøy/Fedje: Hauststormseglasen dag 1. Nordhordland Seilforening.

Os/Fusa: Ro til fjells med Oselvar! Arr. Oselvarlaget, Fusa Turlag.

Sundag 17. september

Bømlo: Halldis Moren Vesaas-kveld med Amund Enger. Arr. Møster Amfi.

Lindås: Guida tur i nye turlopper ved vassverket på Eknes. Arr. Eknesvågens Venner.

Radøy: Ope på Nordanger Gardsmuseum. Arr. Nordanger Gardsmuseum

Radøy: Premiere på Migrasjon – tonane dei bar med seg over havet.

Arr. Vestnorsk Utvandringscenter.

Sund: Fjelltur Vorland-Veten-Vorland. Arr. Sund Turlag.

Askøy/Fedje: Hauststormseglasen dag 2. Nordhordland Seilforening.

Mandag 18. september

Lindås: Informasjon om biosfæreprosjektet. Arr. Lindås Bibliotek.



Gulen

- historisk og framtidssretta

Ordførarhelsing

Gulen kommune med sine 1500 øyer, holmer og skjær er ein typisk kystkommune der sjøen alltid har vore ein viktig del av samfunnet. Både som inntektskjelde, men også som framkomstveg. Heilt frå vikingtida og Gulatinget, som hadde si samling her kvart år frå kring år 900 til 1300, til no med

oppdrett og tradisjonelt fiske. Her er mykje som skjer framover av Kystsogeveke sine sitt program. Besøk gjerne Gulatinget, Fiskarbøndemuseet på Byrknes, Sellevåg



PROGRAM

Open dag på Sellevåg Treskofabrikk

12. august kl. 1300-1600

Omvisning med demonstrasjon av treskoproduksjon med dei ulike vassdrivne treskomaskinene i drift. Filmframsyning om treskofabrikken. Det vert høve til å kjøpe kaffi og noko å bite i for dei som måtte ønske det. Inngangsbillett: Barn gratis, vaksne kr 50,-.

Arr. Magne Sellevåg / Sellevåg Treskofabrikk

Laurdagsope på Gulen Fiskarbøndemuseum

Laurdag 12. august— laurdag 9. september

Museet er ope på laurdagar med omvisning. Opetider frå 1400-1700. Avslutningsdagen 9. september er det trekking av årets loddbøker og servering av kaffi og kaker på museet.

Arr. Gulen Fiskarbøndemuseum

Kaidagen på Furneset

Sundag 13. august kl. 12.00-16.00

D/S Oster kjem til Furnes. Det vert rekebord, kiosk og aktiviteter på kaia og palleløp på sjøen.

Arr. Brandangersund Samfunnshus

Treskofabrikk og mykje meir, som ein fjelltur til kommunens høgste fjell, Svaffjellet og vidare inn mot Stølsheimen. Ein tur i solskinn ute mellom øyane i kajakk eller med rutebåten er også verdt eit besøk. Opplev Gulen «Historisk og framtidsretta.»

*Hallvard Oppedal
ordfører*

Forvaltning og formidling av freda kulturminner

Seminar tysdag 15. august på Gulen Rådhus

Kva skjer når ein ein tusen år gamal kross knekk? Kven har ansvaret, og kva gjer ein? Seminaret går gjennom både formelt rammeverk, og praktiske val og avvegningar som har vore med i prosessen, og drøftar avvegningar ein må ta når ein skal reparere eit skada kulturminne. Seminaret vert opna av Riksantikvar Jørn Holme. Innleiarar og deltakarar frå Kulturavdelinga v/Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Arkeologisk museum i Stavanger og Gulen kommune.

I 2012 vart den 1000 år gamle Olavskrossen i Gulen skadd i ei trefelling. Våren 2017 vart krossen sett opp att på same staden den har stått i 1000 år. Krossen markerte staden der Gulatinget møttest gjennom 400 år, og laga Nordens eldste

Omvisning Eivindvik (grupper)

Tema: Prost Dahl, Henrik Wergeland og Gulatinget opphavleg tingstad (45 minuttar)

Her finn du og "Herresalen" der Henrik Wergeland budde då han vitja den legendariske prosten Nils Griis Alstrup Dahl og skreiv diktet "Eivindvik".

Eivindvik er ellers ei vakker hamn med eigen gjestebrygge. For turgåarar kan staden tilby eit eldorado av godt merka turløyper i fjellet. Om du likar Geocaching har vi i fleire «Ting»-postar kring Gulatinget.

Omvisingar må tingast på tlf: 57782006 / 975 24 098 eller e-post: gulatinget@gulen.kommune.no

Sjå meir info på www.gulatinget.no

bevarte lover - Gulatingslovene. På andre sida av ein stor voll står det ein tilsvarande engelsk kross, og det er mellom desse to krossane at Gulatinget var samla.

Tidspunkt og fullstendig program kjem på www.gulatinget.no etter kvart.

Utstillinger/omvisningar på Gulating og i Eivindvik

Omvisning Tusenårsstaden Gulatinget (grupper) Tema: Gulatinget, Gulatingsloven og tingsamling i vikingtid (45 min)

Gulatinget var det største lagtinget i Norge frå 900 til 1300 A.D. Tinget var lovgjevande, utøvande og dømmende makt, der lovområdet femna heile kysten, samt Hallingdal, Setesdal og Valdres.



Fedje

- landsbyen i havet

Ei helsing frå Fedje

Fedje sin historie dreier seg mykje om fiske og sjøfart. Heile vestlandskysten hadde fiskarbonden, men på Fedje vart det helst lite bonde og mykje fiskar. Det hadde sjølvsaugt samanheng med gode fiskeri like i nærleiken. Desse fiskeria har me endå og



fiskegrunnane rundt Fedje er mykje nytta, på ein godvêrsdag kan man telja godt med båtar på grunnane. Kvalfangst var lenge viktig på Fedje, men då det vart forbod å eksportera kvalkjøtt frå sesongen 1985/86, fekk fiskeria på Fedje eit kraftig skot for baugen. I dag har me ein fiskebåt, Olavson, som i skrivande stund skjer på årets fangst.



PROGRAM

Onsdag 16. august 1200-1600

Open dag på Fedje Sjøtrafikksentral

Velkomen til omvisning på trafikksentralen.

Arr. Kystverket

Laurdag 15. september 1300-1400

Small Ships Race

Regatta for sjølvbygde/dekorerte små seglbåtar

Arr. Bjørn Ådne Kvalvik

Laurdag 15. september 1600-1800

Basar med fine premiar i Fiskarheimen

Arr. Fedje Indremisjon

Laurdag 15. september 1800-2000

Historiske føredrag i Fedjehallen med utstilling av klokkestrenger og gamle sofaputer.

Arr. Fedje Historielag

Laurdag 15. september 2000-0200

Dans med band på Fab No 8

Det vert òg premieutdeling for dagens seglas i Hauststormseglasen som har målgang på Fedje utpå ettermiddagen laurdag 15. september. Arr. Fab No 8

Sundag 16. september 1100

Start på returseglasen i Hauststormseglasen i Hjeltefjorden aust for Fedje.

Arr. Nordhordland Seilforening

Kystsogevøkene er eit populært tiltak på Fedje med ulike aktivitetar. Etter kvart har det vakse fram ein imponerende segleått-konkurranse, der vår eminente åttbyggjar Bjørn Ådne Kvalvik hjelper små og store med å konstruere fantastiske åttar som konkurrerer om gjeve premiar og mykje heider.

*Velkommen til oss.
Stian Herøy, ordførar Fedje*

Foto: Harald Sætre



Foto: Jan Torry Sande



Foto: Harald Matland





Austrheim

- opne landskap, oppe sinn

Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland, på grensa til Sogn og Fjordane. Kommunen er liten, berre 56 km², med i underkant av 3000 innbyggjarar. Austrheim er eit geografisk knutepunkt mellom Gulen, Lindås, Fedje og Radøy. Austrheim er ein typisk kystkommune med 489 øyar og holmar. 13 små og mellomstore bruer knyt



kommunen saman. Folk i Austrheim har alltid vore tett knytt til sjøen. Dei første innbyggjarane slo seg ned ved Fosnstraumen for om lag 10 000 år sidan. Dette området er i dag eit eldorado for hobbyfiskarar og dykkarar. Med alle sine holmar, øyar, sund og osar er Austrheim eit flott område for båtfolket. I Austrheim markerer me kystsogevekene

PROGRAM

Familiedagar ved Mastrevik kai

Fredag 11. august - fredag 18. august - fredag 25. august:

Austrheim Ungdomsklubb arrangerer **spontane familiedagar på Mastrevik kai** ved fint vær i juli og august måned. Deltar du på en familiedag på Mastrevik kai så kan du gratis få prøve kajakk, kano, Runnerz, SUP, vanntrampoline og sitte i tube bak båt. Salg av hamburger, hot-dog, fiskeburgere, brus og is på kaien. Følg med på facebook: @Austrheim.ungdomsklubb og @Austrheimkom www.ungiaustrheim.no

Arr. Austrheim Ungdomsklubb

Fonnesdagane - dar folk møtes

Fredag 11. aug – søndag 13. august

Fredag 1700-2300:

Konsert på kaia med Hanne Sørvaag. Ho kjem med band, og skal spele to sett for oss. Oppvarming med Robert Myklebusthaug

Båt til Kjelstraumen for ein 50-lapp etter konserten
Førehandssal på TicketCo, Sport 1 og Mastrevik Bok & Papir
Laurdag 1200-1600: Fonnesdajen

Opning ved **Tiriltunga barnekor**
Kulturskulen, **Navy Vocalis**, trekkspelklubben
Salsboder, dampskipet Oster og KNM Hitra, veteranbussen, brannbilen, taubåten, tempoklubben, nyrestaurerte kuttrarar. Fiskedam, levande lam, spikkeverkstad, strikking, spleising, krabbe, fiskesuppe, rømmegraut, spekemat, smaksprøver av grilla kval og hjort

med mellom anna Fønnesdajen og tur i fiskarbondens rike i Krossøyna. Elles startar festivalsommaren i kommunen med «Ein smak av» 23.juni til 2. juli og vert avslutta med «Landbruksdagen» første laurdag i oktober. Det vert arrangert ulike havsportaktivitetar heile sommaren igjennom.

Beste helsing
Per Lerøy, Ordførar

Sundag 1400-1700:
Grilling frå klokka 1400
Kl. 1600: Gudsteneste i Årvika
Arr. Fønnes Bygdalag

Tur i fiskarbonden sitt rike

Laurdag 19. aug kl. 1400

Oppmøte på snuplassen på Krossøy.

Tur i vakkert øylandskap, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie, fjøs, restaurert jordkjellar m.m. På Storhaugen 32,5 m er det flott utsikt, og vi får orientering rundt karttavla. Sal av fiskesuppe og kaffi i naustet. Ta gjerne ein fottur heilt ut til Gavlen, før eller etter omvisinga. Turen passar for alle!

Foto: Øystein Austreim



Foto: Silje Andvik Hoa



Foto: Anita Solteit





Masfjorden



Helsing til Kystsogevekene

Gjennom alle tider har fjorden vore viktig for innbyggjarane i Masfjorden. No er fjorden mest brukt til rekreasjon, tidlegare var det stor trafikk både med fiskebåtar og sandskuter her. Masfjorden har teke



vare på si maritime historie gjennom ei flott utstilling av båtar og sjøbruksreiskapar i det gamle nothuset på Sandnes. Der kan du drøyma deg attende til den tid tjørebreidde båtar og råsegl rådde grunnen. Eit visst inntrykk av korleis det då såg ut på fjorden, fekk me i fjor då Forbundet KYSTEN la sitt

PROGRAM

Utstilling i Kvamsdals fargerier

11. aug – 27. aug

Guida omvisingar i fargeriet som var i drift på Sandnes frå 1889 til 1954. Utstillinga vitnar om 60 års industrihistorie og det meste av inventaret står slik det stod då det vart lagt ned.

Ope fredag-sundag 1300-1700

Arr. Masfjorden kommune

Utstilling i Masfjorden Båt- og Sjøbruksamling

12. aug - 27. aug

Guida omvisningar i nothuset på Sandnes frå om lag 1880. Her kan du sjå tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen.

Ope fredag-sundag 1300-1700

Arr. Masfjorden kommune

råseglseminar hit. Dei fleste båtane i samlinga er bygde her i fjorden, då her var mange båtbyggjarar og rikeleg med fureskog. Nothuset blir brukt til konsertar kvart år i kystsogeveke. Då er og samlingane opne for publikum.

Karstein Totland, ordførar



Foto: Rune Garmann

Konsert med Lars Martin Myhre

Sundag 13. aug i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling

Lars Martin Myhre er mest kjend for sitt samarbeid med Odd Børretzen, men har gjennom over 30 år vore med på å gje ut eit titals album, delteke på eller produsert album for andre artistar og komponert filmmusikk, musikalar og teatermusikk. Myhre har vore innoom ei rekke musikksgjangrar som jazz, vise og klassisk musikk.

Tidspunkt og meir informasjon kjem på www.kystsogeveke.no

Arr. Sommarscena / Masfjorden kommune

Bjørn West-marsjen

Sundag 20. aug

Høve til førehandspåmelding t.o.m. 12. august. Kort og lang løype. Lang løype startar frå Litlematrestølen. Kort løype startar frå Nystølen. Felles innkomst ved Stordalen Fjellstove der det er flott arrangement for både deltakarar og andre som vil opp å sjå, høyre og ete.

14.30 - Konsert ved **Marianne Juvik Sæbø** på Fjellstova

15.15 - Friluftsgudsteneste

16.00 - Minnetale ved bautaen over dei falne ved statsminister **Erna Solberg**

Middag og anna mat vert servert heile dagen på Stordalen Fjellstove. Arr. Bjørn West-museet



Øygarden

- brubbyggjaren

Ein langstrakt, vakker og vill øygaard med havet som livsgrunnlag i tusenvis av år. Kystmuseet dekkjer historia frå fiskarbonden til oljealderen, der finst også eit visningssenter for laks og aure. Museet deltek også i år i kystsogeveke. Øygarden er ein petroleumskommune med både Kollsnes gassanlegg og Sture råoljeterminal. Kommunen er eit eldorado for klatring, dykking, havrafting, øyhopping, kajakk, fiske, fuglesafari og



rekreasjon. I løpet av kystsogeveke er det også Øygardsmil og Strilafestival. Øygarden er medarrangør for Sykkel-VM 2017 og både fellesstarten menn-elite og menn-junior skal sykklast frå Rong til Bergen avslutningshelga. Øygarden byr på ekte naturopplevingar med alt frå ekstrem sport til kultur, ro og harmoni. Korleis du vel å nyte øyriket vest i havet, er opp til deg. Velkommen skal du vera, også under Kystsogeveke! Børge Haugetun, ordførar

PROGRAM

Coastman Norway

Laurdag 19. august: Velkommen til Coastman 2017 full- og halvdistanse triatlon. I år arrangerer vi i tillegg Norgesmesterskap (NM) i triatlon langdistanse som en del av Coastman 2017. Norgesmester vil bli kåret på halvdistanse (1,9km/90km/21km).

For å delta i NM må du være norsk statsborger og medlem av en triatlonklubb tilsluttet NTF. Coastman Norway er ein hyllest til den fulle triatlon-distansens opphav og ein hyllest til kystens folk.

Meir informasjon finn du på www.coastmannorway.com
Arr. Ågotnes Triatlonklubb

Strilashow med Cato og Claus

Fredag 25. august kl. 1900 i kafeen på museet Cato og Claus gjorde stor suksess med kabareten «Singel & sand» i Bergen i 2016. I denne framsyninga vil duoen gi publikum smakebitar frå kabareten. Strilekulturen var og er full av skarpe profilar. Cato & Claus alias **Cato Jensen** og **Claus Sellevoll**, går tett på dei frodige karakterane og byr publikum krumbudrops gjennom muntre sketsjar og songar frå eit miljø og ein kultur som dei fleste kjenner til på Vestlandet.

Arr. Kystmuseet i Øygarden

Tur Tjeldstø-Alvheimsmarka-Tjeldstø

Onsdag 6. september

Vi går på lett skogssti i Alvheimsmarka (noen våte partier) for så å krysse riksveien. Turen videre går gjennom Tjeldstø

Strilafestivalen

Årets festival går over to dagar, fredag 1. september og laurdag 2. september, med hovedscene inne på Torsvikhuset samt utescene på baksida. På laurdagen vert det eit familiearrangement med trylleshow, aktiviteter og mange spennende artister. Artistbookinga er i full gang, og desse artistane er klare:

Last Hippies
Sivvah
Dumpster Divas
Grace & Menace

Bighorn Butterboys
Tor-Erik Rong
Stian Thorvaldsen
Jens Erik Aasmundseth

Billetter kan kjøpast på www.strilafestivalen.com
Arr. Strilafestivalen

naturreservat. Området består av en våtmarksmosaikk med myrer, sumper og grunne tjern. Reservatet er kjent for de mange ulike fuglearter som er observert her. Området inneholder kulturminner, blant annet torvmyrer og torvhus. Oppmøte ved Fjell kirke, på nedre parkeringsplass, kl 10.30. Der fyller vi opp bilene og kjører til Tjeldstø bedehus. Sjølve fotturen tar ca 2-2 1/2 time. I tillegg kommer ca 40 min. kjøretid hver vei. Turen passer for seniorer. Ta med mat og drikke. Kontaktperson: Sigrid Steffensen, tlf. 92 46 54 02. Arr. Fjell Turlag.

Strilen i Irland

Onsdag 6. september kl. 1900 på Kystmuseet

Foredrag, konsert og utstilling. **Ivar Fjeld** og **John Bhaba Jeaic** fortel om strilen i Irland. Det vert irsk folkemusikk og utstilling om strilane i Connamara John Bhaba Jeaic er leiar ved kystmuseet på øya Lettermulland, vest for Galway. Bilettar kr. 150,- Arr Kystmuseet i Øygarden.

****Meir Øygarden-program på side 50**



Foto: Lena Eikeland Kutschera



Radøy

- den grønne øya



Velkommen til Radøy, som med ca 5100 fastbuande, og opptil 3000 hyttegjester i sommarvekeene ynskjer velkommen til eit aktivt program under Kystsogevekene. Radøy har ein rik kystkultur, med Bogatunet og Syltastova som nøklar til den norske byggeskikken frå dei første norske busette seg her. I prestegarden på Manger stod den norske havforskinga si vogge, G.O.

Sars vart fødd her. I tillegg er Radøy sjølve turkommunen i Nordhordland. Dei siste åra har det blitt rydda og skilta gode turstiar over heile kommunen, og både fastbuande og gjester er veldig flinke turgåarar. Det er også eit aukande friluftsliv knytta til sjø – og vatn, og her er fiskeplassar i kø.

Nyt øya vår!
Jon Askeland, ordfører

PROGRAM

Familiedag i Nøtlevågen

Laurdag 12. august kl. 1400

Familiedag med ulike aktivitetar for store og små. Kafe og bruktbuikk. Om kvelden blir det kaitreff for dei vaksne frå 20:00. Arr. Nøtlevåg Meieri

Opning av Kystsogevekene i Radøy

Sundag 13. august kl. 1200

Den offisielle opninga av kystsogevekene i Radøy er i år lagt til **Vaulen på Villanger**. Underhaldning, skattejakt, konkurransar, og aktivitetar for heile familien. Sal av mat og drikke.
Arr. Risnes Grendalag, Radøy kommune

Open motorsamling

Laurdag 19. august kl. 1100-1600

Radøy Motorsamling held ope, og **Guttorm Storheim** viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Det vert servert kaffi og vaflar. Gratis inngang. Adresse: Radøyvegen 448. Sjå www.facebook.com/radoymotorsamling/
Arr. Radøy Motorsamling

Padletur Feste-Nøtlevågen

Torsdag 24. august kl. 1800

Frammøte Feste kai. Arr. Nordhordland Turlag

Øl-kurset Vågstølbrygg eller søl

Kursdagar: **Laurdag 26. august frå kl 11.00-17.00.**

Måndag 16. eller tysdag 17. august frå kl 17.00-21.00.

På dette kurset får du kjennskap til grunnleggjande

Open gard på Vågenes

Sundag 27. august kl. 1100-1500

Det vert open gard hjå Morten Christensen og Benedikte Lerøy på Vågenes. Arr: Radøy bondelag, Radøy bonde- og småbrukarlag og Radøy sau og geit.

Skuleklasse på Bogatunet - kvardagsliv i 1850

Måndag 28. august 0900-1300

Tysdag 29. august 1500-1800

Onsdag 30. august 0900-1300

Ein skuleklasse frå Sæbø er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet. Elevane er kledd opp i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Eldre menneske og tradisjonsberarar syner og fortel elevane dei tradisjonelle jgeremåla. Arr. Hordabø Skule og Radøy Sogelag



Foto: Lena Eikeland Kutschera

Open dag på Radøy Ridesenter

Sundag 20. august kl. 1100-1400

På gården på Solend Søre har vi hester, sauer, høns, hundar, kaniner og katt, samt bringebærproduksjon. Sjø/helsa på dyrene, ponniriding, salg av bringebær (sjølvplukk hvis bra vær). Salg av vafalar og kaffe. Meir info på www.123hjemmeside.no/radoyridesenter

Flatbrød- og potelefsekurs

Onsdag 30. august kl. 1700

Flatbrød- og potelefsekurs på Slippen i Sæbøvågen. Kurset går over to kveldar, andre gong 6. september kl. 17.00-21.00. Kurset kostar kr. 900. Dette dekkjer utgifter til materiell. Påmelding til Evy Dame tlf. 974 23 267 / evy.dame@hfk.no Arr. Keipane Kystlag

teknikkar, råvarer og utstyr, bryggja ditt eige øl og forståing for samanhengen mellom råvarer, prosess og produkt. Alle som ynskjer ei innføring i heimebrygging kan delta på kurset. Påmelding til **Keipane Kystlag** ved Evy Dame til 97423267

Familiedag med fiskekonkurranse

Sundag 27. august kl. 1130 ved slippen i Sæbøvågen

Det vert aktivitetar som pil-kast, kano og kajakk og kafé med mellom anna sal av fiskesuppe. Fisk med stang eller snøre frå båt eller på land. Fiskekort kan kjøpast i Slippen frå kl. 11.30. Premie for størst og mest fisk, og den minste fisken (born under 12 år). Konkurransen byrjer kl. 12.30. Startkontigent: einskildperson kr. 50, familiar kr. 100. Meir informasjon på www.kystsogeveke.no

****Meir Radøy-program på side 53**



Lindås

- der draumar blir røyndom

**Velkomen til Lindås,
velkommen til Kystsogevekene!**

Sjøen har alltid vore viktig for folk i Lindås og Nordhordland. Det var med fjordbåtane vi reiste og det var sjøvegen vi brukte når dyr og varer skulle fraktast. Alle som har segla frå Bergen mot Sogn



kjenner Den indre farleia gjennom Lindås. Vi er ein ekte kystkommune, sjølv om landevegen etter kvart har overteke mange av oppgåvene til sjøen- og fjordens. I Kystsogevekene kan vi by på flotte arrangement både på vatn og på land. Padletur på kvelden, familieaktivitetar på

PROGRAM

Viking- og mellomaldermarknad på Lygra

Fredag 11. august- søndag 13. august

Historisk marknad med sal og formidling av handverk, vikingmat, bogeskyting, kampsport og leikar. Aktivitetar for born. Historiske handverk og formidling i eit historisk miljø. Matstova på Lyngheisenteret held ope med kaffimat, kaffe og te og heimelaga kaker og enkel servering.

Oppe: Fredag 14-18, Laurdag 12-18, Sondag 12-16

Arr. Nordhordland Frie Vikinger.

Padletur Æsevågen-Hindenes

Torsdag 17. august kl. 1800

Oppmøte i Æsevågen. Arr. Nordhordland Turlag

Omvisning på «Kåken» i Tirebotn

Sondag 20. august kl. 1500

«Kåken» var ein bygning som motstandsørsla under andre verdskrig brukte til mellom anna produksjon av illegale aviser. Lindås Sogelag tar vare på bygget og dugnadsgjengen har gjort ein stor innsats for dette historiske minnestedet.

Arr. Lindås Sogelag

Bergenserane skapar strilen (1650-1850)

Onsdag 23. august kl. 1930

Foredrag ved **John Ragnar Myking**. Bli med på ei spanande historisk reise i lokalhistoria. Med utgangspunkt i verket «Strilesoga» presenterer biblioteka i Nordhordland fem foredrag, eitt foredrag for kvart bind. Foredraget denne dagen omhandlar bind 3.

Arr. Lindås Bibliotek, Knarvik

Vikingmarknad på Lyngheisenteret, kystkveld med m.a. Dag Lindebjerg, konsert med Sigvart Dagsland og folkefest for store og små på Knarvikmila – alt dette og mykje, mykje meir kan du ta del i om du tek turen til Lindås i Kystsogeveke.

*Velkommen til oss!
Astrid Aarhus Byrknes
ordfører*

Padletur Feste-Nøtlevågen

Torsdag 24. august kl. 1700
Arr. Nordhordland Turlag

Knarvikmila

Fredag 25. august-3. september

Bratt eller slakt! Springe eller gå? KnarvikMila er meir enn eit løp og meir enn ein distanse. Dette er ei veke spekka med både kultur- og idrettsarrangement. I 2017 blir KnarvikMila arrangert for 35. gong. Då fører alle vegar for spretne føter til Knarvik.
Arr. Knarvikmila

Konsert med Sigvart Dagsland

Fredag 25. august kl. 2000 i Knarvik kyrkje
Arr. Musikkens Venner, Knarvikmila

****Meir Lindås-program på side 50**

Ramsalt korkafé

Laurdag 9. september kl. 1600 på Knarvik Ungdomskule
Alvidt/Manger inviterer til hyggeleg korkafé i Musikkrommet med songar og allsong som tek for seg livet ved kysten. Ragna og Signy kommenterer bøljer i tida. **Arne Høyland** fortel frå naustet og spelar nokre av sine nye songar for oss. Kystquiz, lått og løy! Billett: Kr 100 (Spekemattallerken inkludert i inngangsbilletten.)
Arr. Alvidt/Manger

Utpå med Brørvikskuto

Tysdag 12. september-torsdag 14. september kl. 1000-1600
Kulturhistorisk undervisningsopplegg for grunnskulen på Lyngheisenteret på Lygra. Elevar seglar og ror med skuto.
Arr. Lyngheisenteret, Brørvikskuto

Guida tur i nye turløypar

Sundag 17. september kl. 1500
Start ved vassverket på Eknes - Eidåsen-Totlandsfjellet med retur til vassverket. Konkursansar. Turen tek om lag 3 timar.
Arr. Eknesvågens Venner



Foto: Lena Eikeland Kutschera



Meland

- eit samfunn for alle

Eg ønskjer velkommen til Kystsogevekene i Meland kommune! Vi har mykje å vise fram, både når det gjeld kystkultur og natur, sentralt plassert som vi er, i den indre farleia ved porten til Nordhordaland. Tradisjonen tru er hovudarrangementet Kystsogedagane på



Holmeknappen, med eit rikhaldig program frå fredag til sundag. Spennvidda er stor, med utstillingar, konsertar, marknad og ikkje minst kveldsturen med

D/S Oster etter ei rute frå 1934. Eit årvisst arrangement som er eit prov på den store frivillige innsatsen som blir lagt ned i kommunen. I år vil det

PROGRAM

Åkleutstilling på Lindås og Meland bibliotek

Nordhordland Husflidslag presenterer gamle og nye åkle frå Nordhordland på Lindås bibliotek, Knarvik **sundag 13.august. Kl.18.00-20.00.** Utstillinga vert å sjå kvar dag fram til 18.august i opningstidene til Lindås bibliotek i Knarvik. **Sundag 20.august. Kl.18.00-20.00** vert åkla presentert på Meland bibliotek. Utstillinga vert å sjå kvar dag fram til 25.august i opningstidene til biblioteket på Meland Arr. Nordhordland Husflidslag

Kystsogedagane på Holmeknappen

Fredag 25. august kl. 1900
Konsert i Galleri Rustica: **May Sissel m/band**

Laurdag 26. august kl. 1100-1600

Marknad på Holmeknappen: Sal/ utstilling av kunst/handverksprodukt, utstilling av gamle kjøretøy og tradisjonsbåtar. Aktivitetar for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser med meir. Open kafé med middag og kaffimat.

Kl 1200 Offisiell opning av Kystsogedagane ved ordførar **Øyvind Oddekallv**

Kl 1215 Song og musikk frå scenen med **Leif Harald & Co og Øystein Blom.**

D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvising **Ca. kl. 1330** håper vi på vitjing av Hurtigruta **Kjell Magnus Økland** viser og forklarar om Oselvaren, demonstrasjon på land med opprigga færing Holmestova er open for omvising.

Kl 1600-1715 Forestilling: Gjest Bårdsen i song, segn og sanning

*og vere ei utstilling på biblioteket på
Frekhaug, der Nordhordland husflidslag
presenterer nye og gamle Nordhordlandsåkle.
Det er ei imponerende samling åkle som vil
bli vist fram, og det flott at denne
folkekunsten får den merksemda den fortener.
Eg oppmodar alle til å ta turen til Meland
under Kystsogeveke!*

*Øyvind H. Oddekalv
ordfører*

Linda Røyset Sandhåland song, **Agnar Sagstad** forteljing,
Leif Johnsen opplesing.

Sjøbua er open for omvising.

Galleri Rustica: Maleriutstilling med **Annfrid Leikvoll**
Fotoutstillinga **Havet lever og lider** med lokale fotografar
Knappen Handleri: Open med eit rikholdig vareutvalg

1800-2300: D/S Oster på tur rundt Holsnøy med ein
avstikker til Alverstraumen.

Rekebuffé og servering om bord. Pris kr 350.

Billetter kan tingast på tlf 97686875/97176469.

Sundag 27 august kl. 0900-1600

Marknad og aktivitetar på Holmeknappen. Veteranbåtane
ligg ved kai. Utstillingar og ope i Holmestova, Sjøbua,
Galleri Rustica og Knappen Handleri. (Sjå laurdag).

Kl 09 Frukost i kafételtet

Kl 11 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai med
barnedåp

Kl 12 Prisutdelingar

Kl 12.15 «Strileshow» med **Cato og Claus**

Kl. 13.30 Kanskje kjem Hurtigruta?



Foto: Åge Skjelvik

Kl. 1400 Atle Bergseth forklarar om rogruppe-planar i
Meland, utstilling av opprigga færing
Underhaldning ved lokale artistar.
Arr. Kystsogedagane i Meland

Kva vil vi med Kystsogevekene?

Onsdag 13. september kl. 18:00

Dei fyrste Kystsogevekene gjekk av stabelen i 1997. I år er
det 20 årsjubileum. Kva vil vi med Kystsogevekene? Debatt
med **Dag Lindebjerg** som ordstyrar.

Målet for Kystsogevekene er å arbeide for å styrkja
identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og
reiselivsopplevingar knytta til kysten. Auka trivsel, vekst og
nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Målet med
arrangementa er å fremja kystkultur og området sine
særtrekk. Vi ønskjer å setje fokus på målet med
Kystsogevekene og spør «Kva vil vi med Kystsogevekene?»
Bli med på diskusjonen og stak ut framtidas kurs for
Kystsogevekene. Arr. Meland/Radøy/Lindås kommune



Fjell

- framtid i Fjell

Fjell kommune er eit moderne, pulserande øysamfunn med storhavet og storbyen Bergen som nære naboar.

Eit variert landskap med fjell, vatn og lyngheier byr på gode naturopplevingar for alle. Arealet på 147 km² er fordelt på nordre delen av Sotra, Bildøyna, Litlesotra og meir enn 500 store og små øyar, holmar og skjer. 15 min. frå Bergen sentrum møter du eit kystlandsskap med lyngheiar og svaberg, blenkjande vatn og ope hav. Her kan du



fiska frå land, dykka og rafta, padla, ro eller segla, vandra i strandkanten eller klatra i bratte fjellsider. Ein kan gå opp Russarstegen til Fjell Festning der ein kan ta heile kommunen i augesyn.

Kystsogevekene og Langøymarknaden er blitt ein tradisjon og der ein kan oppleve ein tradisjonell marknad med lokalt preg. Lukke til med kystsogevekene 2017.

*Med helsing
Marianne Sandahl Bjorøy, ordførar*

PROGRAM

Utstillingane i Fjell Festning

Festninga er ei tidligare tysk festning frå Den andre verdskrigen. Utstillingane våre er vinkla slik at du lærer om dagleglivet til soldatane på festninga, men og om bygdefolket i skyggen av festningsfjellet. Utstillinga i kruttlageret (karduskammeret) fortel historia om korleis Fjell festning vart bygd i 1942-1945. Gneisenau-utstillinga i kruttlageret fortel historia om slagkryssaren «Gneisenau», eitt av Europas mest moderne krigsskip under andre

verdskrig. I Kanonbrønnen opnar me i juni utstillinga Russarfangane om dei sovjetiske krigsfangane. Opningstidene våre: Tysdag-sundag 1100-1600
Omvisingar sundag: 1100, 1230, 1400, 1530
Arr. Fjell Festning

Langøymarknaden

Laurdag 26. august kl. 1100-sundag 27. august kl. 1700

Sidan august 2002 har Langøymarknaden på Langøyna vestom Sotra vore eit årvisst arrangement, og også i år vil det bli lagt til rette for utstilling og sal av lokal mat, kunst



og handverk og for at unge og eldre skal kunna møtast og trivast. I Gamlanaustet og Krambua er det fullt opp av husflid, kunst og kultur.

På bryggja, på Bakarloftet, i gamlebutikken og på marka ved bakeriet kan vi nyta kortreist tradisjonsmat, eller vi kan rusla rundt på det unike området, sjå på gamle båtar, slå av ein prat med kjentfolk, lytta til song og musikk, bada, padla i kano og kajakk, fiska eller utforska livet i fjæresteinane. Fyll båten eller bilen med slekt og venner og kom! Arr. Fjell Kystlag

Det store sildastenget på Algrøyna i 1924

Sundag 27. august kl. 1100 ved skulehuset på Algrøyna

Vinteren 1924 vart det gjord eit makalaust sildasteng i Kungvika på Algrøyna. Hans Inge Algrøy frå Algrøy Bygdalag vil ta oss med og fortelja om då folk ein uvêrsdag vinteren 1924 bar fram notbruk og fekk stengt inne ein stor sildastim som hadde sige inn på Kongvikja, og kva dette stenget gav folk både på Algrøyna og andre gardar i nærleiken. Turen går på stiar og vil ta om lag to timar.

Arr. Fjell kulturminnelag, Algrøy Bygdalag, Fjell Turlag



Askøy

- TETT PÅ UTVIKLINGEN
- TETT PÅ MENNESKENE

Askøy er med sine knappe 29.000 innbyggere Hordalands største landkommune og landfast med Bergen via Askøybroen. Sjøveien har til alle tider vært viktig for Askøyværingene. Fra Kleppestø går hurtigbåt til Bergen. Vi sier gjerne at Askøy er Norge i miniatyr, tettest befolket i sør, frodig på



østsiden og litt mer karrig og værhardt i vest og nord. Kommunen har mange friluftsområder og tilrettelagte turløyper. Aller lengst nord ligger Herdla, en flat morene-øy. I 2015 kåret til Hordalands mest attraktive friluftsområde. Med sine mange tilbud er dette et yndet utfartssted både for Askøyværingene og tilreisende. Askøy er stolt over å kunne invitere til den offisielle

PROGRAM

Offisiell opning av Kystsogevekene i Stusshamn

Laurdag 12. august kl.1100-1700

Sjå side 2 og 3 for nærare info

Natur og historie på Herdla

Med **Flyhallen Gul-16** som utgangspunkt, kan du bli betre kjent med ei lita øy som har mykje spanande å by på. Etter eit besøk vil du forstå kvifor Herdla har så unik natur, flotte strender og rikt fugleliv. Du vil også få eit godt innblikk i øya si dramatiske krigshistorie.

Utstilling Gul 16 - frå kampfly til kulturminne

Den 15. desember 1943 tok det tyske jagarflyet Gul-16 av frå Fliegerhorst Herdla. Først 64 år seinare returnerte det. Du kan få sett Gul-16 i ei eiga utstilling på Herdla fort. Her får

du også heile historia om flyet sin lagnad.

Utstilling Herdla Torpedobatteri

Inntil for få år sidan var Herdla torpedobatteri eit topp-hemmeleg forsvarsanlegg. No er det fullt utrusta batteriet freda som kulturminne og du kan gjennom ein guida tur få ei tidsreise tilbake til den kalde krigen.

Sjå <http://herdlamuseum.museumvest.no> for opetider
Arr. Herdla Museum

Herdla Fuglestasjon

Herdla Fuglestasjon er oppretta for å skaffa nye data om fuglelivet på Herdla. I over 40 år er det systematisk innsamla observasjonar frå Herdla. Området er mykje nytta av spurvefuglar både som trekklokalitet og hekkeområde.

Sjå meir info på www.fuglar.no

Arr. Bergen lokallag av Norsk Ornitologisk Foreining,
Bergen Ringmerkningsgruppe

åpningen av Kystsogevekene 2017 i Strusshamn. Strusshamn er et gammelt handels- og industristed, nå utviklet til et kultursenter med en lun og attraktiv gjestehavn for båtfolket. Askøy har en stor frivillig sektor, blant annet turlag, museumslag og et aktivt kystlag som gjør mye for å bevare den gamle kystkulturen i kommunen.

Hilsen

Terje Mathiassen, ordfører

Regttaen Askøy Rundt

Laurdag 19. august. Familievenleg seglas med start ved Askeneset i Byfjorden klokka 1100. Turen går nordover Herdla fjorden, rundt Herdla og sørover Hjeltefjorden. Målgang i Hauglandsosen. Etterpå er det sosialt arrangement på Askøy Seglsportsenter i Kagevikane med grilling og premieutdeling. Lyst til å vera med? Sjå meir info på www.askoy-seilforening.no. Arr. Askøy Seilforening

Hanevikdagen

Sundag 20. august 1200-1700

Konsert frå hovedscena, utstilling i naust. Veteranbuss går i skyttel mellom Hanevik og Ask. DS Oster ligg ved kaien. Sal av varer og aktivitetar på land og sjø. Lotteri med trekning av flotte gevinstar. Arr. Hanevikdagen

Vikingmarknad på Herdla

Fredag 25. august-sundag 27. august

Kveldsmat-tur til Solsnes Friluftsområde

Onsdag 13. september kl. 1800-2000

Pakk kveldsmaten i sekken og bli med Barnas Turlag ut på kveldsmattur. Me går til stranda og lagar bål. Ser etter krabber og andre sjødyr. Er det nokon som vågar å bada? Turen passar for barn i alderen ca. 6-10 år. Arr. Barnas Turlag, Askøy Turlag

Høststormseilassen

Laurdag 16. september-sundag 17. september

Regatta med start ved Herdla. Løpet går nordover Hjeltefjorden med målgang ved Fedje. Sosialt treff og overnatting på Fedje. Sjå s 9. Returseglas sundagen. Meir info på www.nordhordlandseilforening.org. Arr. Nordhordland Seilforening

Marknad og handverksdemonstrasjon ved Herdla Fort
Sjå www.kystsogevekene.no for opetider
Arr. Askøy Vikinglag

Askøy På langs Extreme

Laurdag 26. august

Eit løp gjennom skog og mark frå Kleppestø i sør til Herdla i nord. Halvdistanse ca. 20 km og heildistanse ca. 40 km. Arr. Askøy Orienteringslag, Askøy Turlag og Ask Friidrett

Fortsdagen - aktivitetsdag på Herdla fort

Laurdag 26. august 1100-1500

Aktivitetar for heile familien: natursti, ringmerking, vikingleik, zip-line, utemat, disk-golf, akvarium, torpedobatteri, flyutstilling, militære køyretoy, fotoutstillingar, kafé m.m. Omvising i det nye museumsbygget. Gratis inngang.

Arr. Herdla Museum, Askøy Turlag, Askøy kommune, og ei rekkje frivilljuge lag



Osterøy

- utvikling - samhold
- livskvalitet

Osterøy er ein kommune med mange spanande kulturminne og kulturmiljø, og med eit særeige kulturlandskap. Kulturlandskapet er satt saman av gardstun og einskildbygningar som leinstover, brakaløer og naust, bunde saman av landskapselement som steingardar, stabbgjerde, bakkemurar og vegfar. Dette i lag med ein rik tradisjon for småskala handverks- og industrihistorie, som til dømes garveri og møbelproduksjon, er ein viktig del av Osterøy sin identitet og historie og har



stor opplevingsverdi. Også i dag er næringslivet på sjøvendt med aktørar

innan maritim småindustri, sjøtransport, sjømatproduksjon og andre kystnæringar. På Osterøy er det fin natur med godt turterreng heile året, noko som innbyr til friluftsliv og spektakulære naturopplevingar. Osterøy kommune har i lang tid hatt eit rikt lags- og organisasjonsliv, der det er stor aktivitet innan musikk og ulike idrettsaktivitetar. Ein kan framleis sjå spor av den gamle strukturen der fjorden batt saman bygdene på kvar side og la grunnlaget for dei tidlegare kommunegrensene. På

PROGRAM

Opning av nyrestaurert tursti

Laurdag 26. august kl. 12.00 på Klyvvikje gard

Familedag med opning av nyrestaurert tursti i utmarka på garden. Kjøp grillmat på Nærbutikken på Bruvik og grill i Klyvvikje. Sal av mellom anna stompakaker og lefser. Omvisning i tunet. Hels på hønsa og endene. Liv i smia. Arr. Klyvvikje gard

Leik i fjøra

Sundag 27. august kl. 1130

Den vakre badeplassen vår på Hjellvik er ein flott stad å utforske livet i sjøen. Denne dagen kan borna leite etter krabber og småfisk, vakre steinar og planter for å lage flotte akvarium. Ta med deg fiskestanga og prøv fiskelykka. Det er mogleg å bade dersom været tillet det, og vi tenner bål med høve til å grille. Ta med mat og drikke. Arr. Osterøy Turlag

Osterøy har vi fem kyrkjer, ei for kvar av dei gamle kommunane nede ved fjorden og ei midt inne på øya. Eg ser fram mot Kystsogeveke og ynskjer dei lokale arrangørane lukke til med tilskipingane.

*Helsing
Jarle Skeidsvoll
Ordførar på Osterøy*

Foto: Eivinn Revheim



Foto: Lena Eikeland Kutschera



Galleri Mjøs vågen

Sundag 13. august 1400-1800

Utstillarar:

Anne-Berit Lerøy, grafikk.

Siren Blauw, skulptur og maleri

I galleributikken:

Sarah Reed, porselenskeramikk

Augon Johnsen, trykk

Beda Maria Johnson, glass

Cathrine Bysheim, smykker

Norlender Knitwear, strikk

Marta Nerhus, metallkunst

Galleriet er elles ope kvar sundag frå 25. juni. Mjøs vågen Kafe er óg open.


Arr. Osterøy Kunstlag



Sund

- livet ved havet

Med lang kystline og noko karrig landskap var fiske tradisjonelt viktigaste næringsveg for sundokningane. Næringa er framleis viktig for kommunen og i dag ser ein stor variasjon i næringa, frå tradisjonelt fiske til akvakultur, vidareforedling av sjømat og kystbasert



reiseliv. Vår eigen Johannes Kleppevik har skildra fiskarbonden og kystkulturen gjennom ord og tonar. Songane hans er stadig like populære og den oppveksande generasjon lærer mykje om kystkultur gjennom tekstane hans. Vi har fleire miljø i kommunen som fremjar kystkultur, både på den tradisjonelle måten og i meir moderne

PROGRAM

Konsert med Lothepus og dans med Chicksa

Fredag 11. august kl. 200-0200 på Panorama Hotell

Lothepus inntar scenen på Panorama Hotell & Resort, Sotra. For tiden er **Lothepus** aktuell i sesong 5 av dokumentarserien Fjorden Cowboys som går på TV 2 Zebra og Farmen Kjendis som går på TV 2, men han er også arist og entertainer. Etter Lothepus-konserten spiller Chicksa til dans, Chicksa gjør sine egne versjoner av kjente og ukjente favorittlåter i tillegg til liste-pop og ulike radiofavoritter. Anita Heggholmen, Ingvild Watnedal og Linda Ekeland sitt kjennetegn er trestemte harmonier og et samstemt band.
Arr. Panorama Hotell & Resort

Trellevikstemnet

Sundag 27. august

Vi ønsker velkommen til det tradisjonsrike Trellevikstemnet. I år håpar vi å få samla så mange Oselvarar som råd frå Sund. Ved godt vēr håper vi å få til en rokonkurranse.

Kl.1100 Gudsteneste ved **Sokneprest Kjell Asle Børnes**

Sund Blandakor deltek

Kl.1200 Alle aktivitetar opnar: Elias båten, kano/kajakk-padling, jolleseiling, Oselvarsegling. Kafe i skjenkestova. Olav Toft sine samlingar er opne i Tofterøy skule.

Kl.1400 Kulturstund i Trelleviknaustet.

Musikkinnslag. Foredrag om Oselvaren v/**Kjell Magnus Økland**.

Minikonsert, trekning av hovedgevinst

Avslutning ca. kl.1600. Arr. Folkeakademiet Sund, Sund Kystlag, Redningsselskapet Ung, Sund Turlag

****Meir Sund-program på side 51**

*former. Dette kan ein
oppleve gjennom lokale
arrangement under
Kystsogevekene og eg
håpar mange finn vegen
til desse arrangementa på
seinsommaren. Lukke til!*

*Venleg helsing
Kari-Anne Landro
Ordførar*

Hamnedagane på Kleppe

Fredag 18. aug 1730-laurdag 19. august

Kleppe Grendalag ønsker å stelle i stand ein aktiv dag ved Kleppesjøen der folk i alle aldrar kan møtast og dela ei felles kulturoppleving.

Program fredag: Hamnemila – 1852 meter

Kl 17.30 Start første pulje

Kl. 20.00 Premieutdeling

Program Hamnedagen laurdag

09.30 - 10.00 Påmelding til fiskekonkurranse

10.00 - 13.00 Fisketevling frå land og båt

10.00 - 12.00 Fisketevlinga i indre hamn

11.30 - 12.00 Innlevering av kaker til
kakebaketevlinga

11.00 - 16.00 Marknad
Aktivitatar for barn, filmframsyning –
Sotratrampen, fotoutstilling, historieforteljing

13.00 - 16.00 Elias - båtturn for barn

13.30 Premieutdeling

16.00 Badeballsleppet!

Hamnedansen

20.00 Dørene opnar

Vi avslutter Hamnedagane med ein god gammaldags striladans. I år er det Ørjan Vatne med band som spelar opp til dans. 18 års aldersgrense. **02.00 Dørene stengjer**

Sjå meir informasjon på www.hamnedagane.no
Arr. Kleppe Grendalag





Bergen



Igjen er det duket for Kystsogevekene!

Helt siden Olav Kyrre grunnla Bergen i 1070 har byen vår vært avhengig av havet. Vi vestlendinger har alltid levd ved, av og på havet – og Bergens historie så vel som nåtid bærer stor preg av det. Jeg er glad for at Kystsogevekene hvert år både belyser, men også feirer kysten, havet og de stolte tradisjoner vi kystkommuner har til felles. Det er også på sin plass og takke alle frivillige som står på

for at Kystsogevekene blir nettopp så fantastisk som det vi kjenner dem som!

Programmet byr på alt fra markeder, museumsutstillinger til regattaer! Det er absolutt noe for alle og enhver – jeg oppfordrer alle bergensere til å lese programmet nøye og delta på årets kystsogeveker!

Med vennlig hilsen ordfører Marte Mjøs Persen

PROGRAM

«Som å reisa i gamle dagar....»

Sundag 13. august og søndag 3. september 1100-1630

Bli med på ei historisk reise med dampbåten «**Stord I**», **Gamle Vossebanen** som har kolfyrt damplokomotiv og siste etappe med veteranbuss. Etappene er: D/S Stord I frå Bergen/Holbergskaien til Garnes ved Osterfjorden, frå Garnes til Midttun med Gamle Vossebanen og frå Midttun tilbake til Holbergskaien med veteranbuss. Rundturen tar ca. 5 timer og du kan reise fyrste etappe med båt eller med buss. Så langt det er ledige plassar kan du òg kjøpa billett til enkeltdistanser ved påstigning. Meir info på www.kystsogevekene.no. Arr. Stiftelsen DS Stord1, Veteranbusslaget, Veterantoget Gamle Vossebanen

Opne dagar på Stend Stasjon

Osbanens Venner held open stasjon kvar søndag i juni og august. Utstilling med bilete og gjenstandar frå Nesttun-Osbanen (1894 - 1935). Kafe med sal av kaffe, vafler, is, brus og suvenirer.

Sundag 20. august kjem medlemmer av Bergen Veteranvogn Klubb med 12-14 veteranbiler (1920-tallet og nyere) som vert stilt opp ved stasjonen. Veteranbuss frå 1964 køyrer i skyttel mellom Lagunen og Stend stasjon. Veteranbilane skyssar gratis ned til Hordamuseet og «Gøy på landet». Veteranbilane tar gjerne passasjerer motsett veg. Veteranbuss frå Lagunen (plattform D) kl.1100, 1200, 1300 og 1400. Frå Stend Stasjon kl.1130, 1230, 1330 og 1500. Arr. Osbanens Venner

Utstillinger – sjekk opetidene på www.kystsogevekene.no

Basisutstillinga på Bryggens Museum

Arkeologiske funn fortel om middelalderens byliv i Bergen

Brød af Steen og Aand af Striler

Utstilling om fiskarbonden og levesettet hans på Hordamuseet på Stend

Det Eventyrlige Fisket

Utstilling om eventyrleg fiske gjennom opp gjennom historia på Norges Fiskerimuseum, Sandviken

Handel og transport

Utstilling om handelsvarene mellom Nord-Norge og Tyskland på Hanseatisk Museum, Bryggen

Slaveskipet Fredensborg

Utstilling om dansk-norsk slavehandel på 1700-talet på Bergenhus Festningsmuseum

Med segl og årer som framdrift

Båtar med kvar si soge å fortelja, utstilling i Båthallen på Hordamuseet, Stend

Plasthvalen

Utstilling om kvalen som hadde over 30 plastposar i magen på Historisk Museum - Universitetsmuseet, Nygårdshøyden

Ressurser til låns

Alle i verda må samarbeida for å ta vare på det blå matfatet, utstilling på Norges Fiskerimuseum, Sandviken

U-Baader, Spioner og

Helvedsmaskiner

Utstilling om Bergen og sjøfarten under 1. verdenskrig på Bergens Sjøfartsmuseum, Nygårdshøyden

Temautstillinger på Bergens Sjøfartsmuseum

Vår eldste skipsfart, 1600-1700-talet, Seilskutetiden, Skoleskipene, Bruksbåter, Treskipsbygging, Dampskip, Skips- og maskinbygging, Kyst- og fiordabåter, Tank- og linjefart, Verdenskrigene, Offshore på Bergens Sjøfartsmuseum, Nygårdshøyden

Gøy på landet på Hordamuseet

Sundag 20. august 1100-1600

Livet på landet i gamle dagar. Du møter gardskonar som vaskar klede, gjer ulike handarbeid, raker og sagnar ved. Bli gjerne med på noko av arbeidet. Heimelaga fiskesuppe i kafeen i landhandelen. Fanafjorden Tradisjonssegling inviterer til seglas i færing og seksæring rigga med råsegl og sprisegl. Veteranbuss til Stend Stasjon. Omvisning og handverksdemonstrasjon. Arr. Hordamuseet

Foredrag om Oselvaren

Onsdag 23. august kl. 1900 i Kommandantboligen i Gravdal Kjell Magnus Økland held foredrag om den mest utbreidde bruksbåten på Vestlandet.

Arr. Laksevåg Kulturhistoriske Foreining

Vikingtokt frå Sandviken til Kollavågen

Sundag 27. august

Vi dreg med vikingskipet Håkon Håkonsson frå Sandviken

til Kollavågen på Askøy. Vi fyller opp båten med små og store vikingar. Vel framme gjer me strandhogg, grillar og badar viss veret tillater det. Oppmøtetidspunkt 0930 ved Sandviken Kystkultursenter, Bergen. Heimkomst Sandviken ca 1600. Meir info: www.kystsogevekene.no
Arr. Barnas Turlag, Os Turlag.

Sandviksdagene

Laurdag 9. september-sundag 10. september


1100-1600 byr Kystkultursenteret på mellom anna båtturar, kanopadling, utlån av robåtar, visning av gamle båtmotorar og fiskekum. Von Tangen Fiskebar og Norges Fiskerimuseum er ope: utstillinger om det eventyrlege fisket og ressursar til låns. Kunstverkstadane Sandviksbodene 73a viser maleri og collage **sundag 1200-1600**: levande museum og leikepostar for barn. Klosteret Marias Minde **sundag 1300-1500**: ope hus med omvisning i klosteret. Meir info kjem på www.kystsogevekene.no



Austevoll

- ut mot hav

Knappt nokon stad er naturen nærare, sjøen blankare og omgivnadane finare. Mindre enn ein time unna Bergen sentrum ligg Austevoll – eit reisemål ulikt det meste anna. Øysamfunnet byr på late sommarkveldar og friske hauststormar, mat i verdsklasse, Noregs beste gjestehamn, flotte



kulturopplevingar og blått hav så langt du ser.

I Austevoll kan du ta del i den levande kysthistorien. Kystsogevekeene byr på konsertopplevingar i den unike nothengjo i Bekkjjarvik, fotturar langs milevis av oppmerka turløyper, og sjølsagt ein passeleg dose maritime

PROGRAM

Oselvar-NM 2017

Laurdag 12. aug-13. aug 2017

Årets største **Oselvar-regatta** med minst 20 båtar på startstreken. Utgangspunkt frå Atalanta Båthavn. Seglas på Hundvåkosen eller Møkstrafjorden. Sjå oppdatert informasjon på www.facebook.com/Austevoll.Seilforening Arr. Austevoll Seilforening

Kystsogehelg i Bekkjjarvik & Kvalvåg

Fredag 18. aug-sundag 20. aug 2017

Fredag kl. 20: Konsert med **Storm Weather Shanty Choir** i Hengjo i Bekkjjarvik

Laurdag:

1000 Marknad på kaien

1200 Opning av Kystsogehelga

1300 Fiskekonkurranse for born

1500 Kapproinga Edel kappestrid mellom øyane

2000 Konsert i Stolmen kyrkje, Kvalvåg

Bekkjarvik Gjestgiveri held ope heile helga, laurdag kveld vert det **konsert med Tor Endresen**

Sundag:

Utegudsteneste på Skjeret, Bekkjjarvik
Arr. Bekkjjarvik Eiendom

*hendingar: Frå
noregsmeisterskapen i Oselvar-
segling ved Storebø, padletur i
skjærgarden, til den historiske
rokonkurransen i Bekkjarvik.
Hjarteleg velkomen til Austevoll.*

*Venleg helsing
Morten Storebø, ordførar*



Foto: Karen-Maria Andersson

Seinsommarkos på Horgo

Laurdag 26. aug kl. 1000 -27. aug 2017 kl 1600

Vi fyrer i gang båten, og tar oss en tur til Horgo. Bli med på hyttekos, fisking og mye annet gøy! Vi leiger den koselige hytta på Horgo for litt sensommerkos i solveggen. Selfølgelig blir det fisking, bading og god middag.

Arr. DNT Ung Austevoll

Tre-fjellstur i Austevoll

Sundag 27. aug kl 0900

Start ved sportskafeen ved Vinnes skule. Buss til Bratto. Tur til Loddø-Skaftefjellet-Veten. Kafe og premiar.

Arr. Austevoll Turlag

Kom deg ut – på Spissøy

Sundag 3. sep kl. 1200

Velkommen til utetimer på Spissøy. Her blir det kanopaddling, turtips og elles enkelt friluftsliv. Ta med deg litt å drikke/ete og klede etter været.

Arr. Austevoll Turlag

Tur til Midtfjellet og Kongsen på Selbjørn

Onsdag 6. sep kl 1000

På denne turen skal me gå frå Rabben opp på Midtfjellet (168 moh) ned i Kongsdalen og opp på Kongsen (185 moh) høgste toppen på Selbjørn. Turen ned går mot Kalvanes der me må setta att nokre bilar for å ta oss attende til Rabben.

Arr. Stord-Fitjar Turlag



Os

- inspirerer



Velkommen til Kystsogevekene i Os!

Os har ei lang historie med velkjend kystkultur, og det er ei glede å presentera eit variert program gjennom

Kystsogeveke som tar opp i seg mykje av det vår identitet er tufta på. Vi er ein kommune med lange

tradisjonar med fiske og småbruk som levebrød, samt kunst og handverk som har vore med å forma vår identitet. Rosemåling er

ei kunstform vi har klart å ta vare på og som vi er stolte av, og ikkje minst Noregs nasjonalbåt, der

PROGRAM

Trollbundet av Ole Bull

Ta turen til Lysøen i sommar og bli kjent med Ole Bulls fasinerande historie. Med musikken og naturopplevinga som ventar på Lysøen blir dette ei rik totaloppleving. Medverkande: **Brage Sæbø** og **Johanne Haugland** alternerer på fiolin. Pianistene **Marko Nouwens**, **Knut Christian Jansson** og **Annabel Guaita** alternerer på piano.

Tidsplan:

- 10.30** Avreise med buss frå Turistinformasjonen
- 11.15** Båt nr. 1 fra Buena kai (Tid for en matbit)
- 11.30** Båt nr. 2 fra Buena kai
- 12.15** Omvising i villaen
- 13.00** Konsertstart
- 13.40** Konsert ferdig (Tid for en kaffe)
- 14.00** Tur til Grotten
- 14.30** Avgang fra Grotten
- 14.50** Avgang båt nr. 1 fra Lysøen
- 15.10** Avgang båt nr. 2 fra Lysøen
- 15.20** Bussavgang fra Buena kai
- 16.10** Fremme i Bergen sentrum

Under Kystsogevekene vert denne turen gjennomført søndag 13. august, søndag 20. august og søndag 27. august. Arr. Museet Lysøen

Offisiell opning av Kystsogevekene i Os

Laurdag 19. august kl. 1000 ved Vedholmen

Vel møtt til offisiell opning av Kystsogevekene i Os! Det vert fiskekonkurranse frå sjø og land, underhaldning på kaien, lotteri og sal av kortreist mat. Arr. Os kommune, Os Fritidsfiskarlag

bygging og bruk av Oselvaren i 2016 kom på UNESCO si liste over verdas immaterielle kulturarv. Dette var ein stor dag for alle dei som har arbeidd for Oselvaren sin eksistens i mange generasjonar. Eg håpar mange finn vegen til dei arrangementa som finn stad i vår bygd i løpet av Kystsogeveke, drivne fram av frivillige krefter, som vil spegla tradisjonane våre i det moderne samfunn. Vel møtt!

Marie E. L. Bruarøy
Ordførar, Os kommune



Foto: Åsmund Lien

Utstilling i Galleri Vedholmen

Laurdag 19. august kl. 1400 opnar utstillinga «Landskaber» med malaren **Jan Erik Willgoth**. Musikk og enkel servering. Galleributikken tilbyr eit utval keramikk, grafikk, skulptur og maleri frå galleriets egne kunstnarar. Utstillinga står frå 19. august til 17. september. Ope torsdagar kl. 1600-2000 og fredag-sundag kl. 1200-1600. Arr. Vedholmen Galleri.

Oselvardagen- undervisningsopplegg for 9. klassane i Os

Måndag 28. august-fredag 8. september

Oselvardagen vert arrangert i byrjinga av 9. skuleår, og finn stad ved Oselvarnaustet og i Oselvarverkstaden på Osøyro. Elevane får kjennskap til Oselvaren, prøva å ro, segle, knyta knuter og får kunnskap om båt og båtbygging.

Timeplan for dagen:

Klassen er delt i to grupper: A og B. Lærer deler klassen inn på førehand.

08.30: Oppmøte Oselvarnaustet. Informasjon. Presentasjon av båten, treslag etc. **09.15:** Elevane henter årer, båtene vert klargjorte. Gjennomgang av enkle båtbruksreglar.

09:45-11:15 Gruppe A har praktisk båtbruk: Roing og segling

09:45-11:15 Gruppe B er i Oselvarnaustet og lærar om tauverk, knopar og stikk. Rigging av seglbåt.

11.15-12.00: Pause, matøkt ved Oselvarnaustet, grilling. Fisking for dei som vil. Alle vert oppmoda om å ta med fiskeutstyr!

12:00-13:30 Gruppe B har praktisk båtbruk: Roing og segling

12:00-13:30 Gruppe A er i Oselvarnaustet og lærar om tauverk, knopar og stikk. Rigging av seglbåt.

13:30 Utdeling av Oselvarbevis **14:00** Slutt

Instruktørar er Berit Osmundsen og Stig Henneman frå Oselvarverkstaden. Arr. Os kommune, Oselvarverkstaden, Oselvarlaget

****Meir Os-program på side 54**



Fusa

- midt i blinken

Fusa kommune har ei lang kystsone og kystkulturen står sterkt i Fusa både når det gjeld bruk og vern. Historisk og også framleis er Fusa kjent for tønneproduksjon (bøkring). Det er vanskeleg å nevna kystkultur utan å ta med Bjellandsfabrikkane som var lokalisert i vår kommune. (Eikelandssosen og Strandvik). Vidare nevner eg og Sildoljefabrikken i Strandvik. I Fusa



hadde me dyktige brislingfiskarar som dreiv svært godt. I dag er oppdrettsnæringa ei sentral næring i

Fusa og det var vel ikkje tilfeldig at pionerane i denne næringa hadde sin bakgrunn i brislingfisket. Kystsogevekene er ei viktig påminning for oss alle om kor viktig kystområda våre er og var for Fusa spesielt og Kysten generelt. Historisk har me alltid hatt stor aktivitet og verdiskaping i det som i dag

PROGRAM

Strilashow med Cato og Claus

Laurdag 26. aug kl. 2000

Det vert stor stemning i ungdomshuset Breidablikk på Sævareid med strilashowet til **Claus Sellevold** og **Cato Jensen**. Cato og Claus gjorde stor suksess med kabareten «Singel & sand» i Bergen i 2016. I denne framsyninga vil duoen gi publikum smakebitar frå kabareten.

Strilekulturen var og er full av skarpe profilar. Cato & Claus alias Cato Jensen og Claus Sellevoll, går tett på dei frodige karakterane og byr publikum krambuedrops gjennom muntre sketsjar og songar frå eit miljø og ein kultur som dei fleste kjenner til på Vestlandet.

Arr. Sævareidfjorden Ungdomslag

Kystsogedag i Sævareid

Sundag 27. aug

Kystsogedag på Engevik Gaard og i Sævareid kl 12-17

Sundag 27. august vert ei stor jublieumsmarkering. I 2017 er det 150 år sidan Sævareid Pap og Kartonfabrikk vart etablert. I den samanhengen vert det ein stor historisk fotoutstilling om Sævareid gjennom 150 år i ungdomshuset Breidablikk i Sævareid sentrum. Det blir historisk kåseri av **Lars Arne Markhus**.

I tillegg blir det aktivitetar for heile familien på offisersgarden Engevik Gaard. Her får du oppleve konsertar med unge musikkalent, sal av torgvarer og servering av både kaffimat og middag. Som vanleg blir programmet avslutta med utdeling av Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris for 2017.

blir kalla 100 – metersbeltet. Derfor er det i dag krevjande og oppleva at i dag er dette historisk verdifulle området vanskeleg å etablere aktivitet i det same området. Lykke til med årets kystsogeweke og med utfordringa det er med å kombinere bruk og vern av det same området!

*Med venleg helsing
Atle Kvåle
Ordførar Fusa kommune*

Du kan reisa mellom Sævareid og Engevik med den gamle fjorddronninga M/S Midthordland som er 70 år i 2017. Det er også mogeleg å nytta veteranbuss langs landevegen slik at du kan få ein rundtur. Truleg vert denne dagen høve til å følgja M/S Midthordland frå Osøyro og bygdene Vinnes og Strandvik tur og retur.

Arr. Engevik Gaard, Sævareidfjorden Ungdomslag

Kystsogedag på Tønnegarden

Sundag 10. sep kl. 1200-1700

Foredrag ved Nils Kolle om tønneproduksjon i den lokale kystkulturen i Fusa. Leikar og aktivitetar for barn og vaksne. Omvisning og demonstrasjon av tønneproduksjon.

Veteranbuss i skytteltrafikk.
Mat (Rauddravle og andre godsaker).
Arr. Tønnegarden



Foto: Lena Eikeland Kutschera

Ro til fjells med Oselvar!

Laurdag 16. sep kl. 1100

Velkomne til rotur til fjells. Me startar med rotur med Oselvarar frå Osøyro til Skjørsand. Derifrå vert det fottur opp til Bogafjellet (438 moh) og ned att, før me ror attende over fjorden.

Start og mål Osøyri ved Oselvarverkstaden. Vi ror over ytre del av Fusafjorden, forbi Sandholmane og inn til Skjørsand i Fusafjorden, ein distanse på 7,7 km/4,1 nm. No har vi rodd omlag til foten av fjellet. Vi held fram til fots til toppen av Bogafjellet (438 moh). Simen Soltvedt vert turleiar på fjellturen. Det er framifrå utsikt frå toppen av fjellet utover Bjørnefjorden. (reservedag: sundag 17. september)


Arr. Oselvarlaget på Os, Fusa Turlag



Fitjar

- det nære øyriket

Hjarteleg velkomen til Kystperleriket Fitjar
Med eit mylder av øyar og skjer er Fitjarøyane ei kystperle for eventyrlystne sjøpadlarar, fiskarar og båtturistar. I Fitjar sentrum på Sjøside hos Larsen har vi ein framifrå båthamn med dei fasilitetar som skal til for å få eit vellykka opphald.



Fitjarfestivalen går av stabelen 10.-13. august. Lokalmat står i fokus og programmet består av konsertar, fiskefestival mm. samt fotoutstilling i

PROGRAM

Fitjarfestivalen

Torsdag 10.august kl. 1930 konsert med **Sigrid Moldestad** i Fitjar kyrkje.

Fredag 11.august: Opning av festivalen ved ordførar **Wenche Tislevoll**. Konsert i festivalteltet: **Klangboltane** og **Årstein Tislevoll**. Konsert på Fitjar Fjordhotell: **Bård Leite** m/band (oppstart når festivalteltet er stengt).

Laurdag 12.august opnar bodgatene og festivalteltet kl 1000. **Fiskefestival**. Kveldskonsert i Fitjar kultur- og idrettsbygg: med **Gunslingers** og **Black Ingvars**

Sundag 13.august: Gudsteneste på kaien
Sjå www.kystsogevekene.no for meir informasjon.
Arr. Fitjarfestivalen

Utstilling i Galleri Losjen

11.-26. august

Fotoutstilling med bilete av **Adrian Digernes Særsten** frå Alma M i Kambodsja. Sjå www.kystsogevekene.no for meir informasjon. Arr. Galleri Losjen

Open dag på Årskog Museum

Sundag 10. September kl. 1300-1600

Fitjar Husflidslag steller til aktivitetar for born og vaksne, samt kafé med sal av kaker og kaffi. Dei viser også rundt i tekstilsamlinga. Sunnhordland Museum syter for foredrag og aktivitetar på tunet.

I år vil me fokusera på historia til den gamle, leprasjuke kona som budde åleine i eit lite hus på tunet. Ho fekk mat sett ut til seg på trammen, for folk var redde for smitte.

*Galleri Losjen, Alma-M i
Kambodsja av Adrian Særsten.
Open dag i Årskog Museum søndag
3. september der saga om
Kystgarden er tema.
Håpar mange tek turen til Fitjar og
deltar på arrangementa i sommar.*

*Wenche Tislevoll
Ordførar – Fitjar kommune*

Huset er no borte, men familien har ei lang søge om andre leprasjuke som kom til St. Jørgens hospital i Bergen, eller prøvde å koma seg til USA.

Årskog museum har ei unik samling av tekstilar etter Ingeborg Årskog og hennar familie. Ho var syerske, og etter henne finn me alt frå Fitjar-drakter og broderte dukar til strikka barneklede.

Sjå www.kystsogevekene.no for meir informasjon.
Arr. Fitjar kulturkontor, Fitjar Husflidslag og Sunnhordland Museum

Foto: Lena Eikeland Kutschera



Foto: Atle Ove Martinussen





Tysnes

- framtid på historisk grunn

Helsing frå ordførar til kystsogevekene

Også i år er det duka for Kystsogevekene, og også i år blir det invitert til ein rekke arrangement i Tysnes kommune. Her kan ein få oppleve alt i frå utstillingar om kystkultur i Tysnes, til foredrag og fortellingar i frå eldre dagar. Kystsogevekene er ein fin arena å vise fram historia om ein viktig kultur, og ikkje minst visa fram dei kystperlene som ligg på



Vestlandet. Tysnes kommune er full av historie som bør høryast, og ein skjergard som bør opplevast. Det har ein gode høver til frå 12. august til 17. september. Eg vil ynskja alle dei frivillige bak arrangementa lukka til, og ynskja publikum velkommen til Tysnes under Kystsogevekene 2017.

Helsing Kåre Martin Kleppe, Ordførar

PROGRAM

Jåttseglarane frå Tysnes

Laurdag 12. aug-tysdag 15. aug

Utstilling som viser soga om tysnesingar som utvandra til USA og vart profesjonelle mannskap på amerikanske kapp- og turseglbåtar i tida mellom 1900 og 1940.

Ope frå 1000-1700.

Flytenaustet / Tysnes Turistinformasjon

Arr. Jåttlaget

Dansegalla i Tysneshallen

Laurdag 19. aug kl. 2000

Dansegalla i Tysneshallen laurdag 19. august kl. 20.00. Banda som skal spela i år er det populære bandet **Bris** og **Mona Jill Band** frå Nordfjord. Det vert sal av øl, vin, mineralvatn og varme pølser. Flotte bubilfasiliteter i gongavstand til hallen. Kjem du sjøvegen er det flott båthavn i Våge, 1 km til hallen.

Arr. Tysnes Musikklag

Kystkultur i kunsten

Laurdag 26. aug og sundag 27. august

Salsutstilling i **Dokkegalleriet** på Breidablikk v/Tysnes kyrkje med bilete av Magne Kjellesvik. Det blir også

Husflidsmessa på Tysnes

Laurdag 2. sep-sundag 3. september i Tysneshallen.

Sal av husflid og handverk.
Utstilling av Oselvar

Laurdag kl. 1200: foredrag med **Kjell Magnus Økland** – Oselvar – den levande båten med ein Tysnesvri

Laurdag kl. 1330: demonstrasjon av bygging av færing ved **Egil Mæland**
Opetider:

Laurdag 2. september kl 11-15.30

Sundag 3. september kl 12-15.30

Inngangsbillett kr 50, barn under 15 år gratis.

Arr. Tysnes Husflidslag

Den store mannadauden i Tysnes - og noko attåt

Sundag 10. september klokka 1500 i skulehuset på Skorpo

Historikar **Birger Lindanger** held foredrag om Svartedauden på Tysnes.

I juli 1349 seig det inn ei skute med farleg last i Bergen våg - pest! I løpet av få månadar spreidde Den Store Mannedauden seg langs heile kysten og nådde tidleg på hausten også Tysnes. Så spør me oss: Kvar kom Svartedauden frå, koss arta han seg, koss kom han til Tysnes, koss herja han her og kva verknadar fekk han både for lokalt og nasjonalt.

Bare ti år etter rasa den store Barnedauden, ti år etter den att Drepsotta og om lag 15 år etter der att: Storsotta. Slik heldt det fram i Tysnes om lag til 1636! Gradvis blei folketalet pressa nedover, kva kan me vita om denne prosessen, kva verknadar fekk han for folk flest og for styresmaktene.

Arr. Tysnes Sogelag

utstilling av eldre klede som kunne bli brukt på fiske i tidlegare tider. Utstilling av dokker i folkedrakter knytta til kystkulturen i Sunnhordland, laga av Britt Kjellesvik Rage. Gratis adgang begge dagar. **Ope 1200-1700.**

Magne Kjellesvik er ein velkjend kunstnar for dei fleste sunnhordlendingar. Bileta hans er nært knytta til kystkulturen og landskapet i Sunnhordland.

Britt Kjellesvik Rage har i fleire år samla og systematisert gammalt draktmateriale, som ein også kan sjå i dei utstilte folkedraktdokkene - m.a. i fiskarklede. I samband med utstillinga vil ein dessutan kunna sjå delar av Britt sin øvrige produksjon av tekstiler og historiske plagg.

Sundag 27. august kl 16: Kåseri om fiske i gamle dagar. Ved lokalhistoriker **Olav Skjellevik** (i utstillingslokalet). Arr: Britt Kjellesvik Rage Galleriet på Breidablikk

Banning og bøn - naud og nåde

Fredag 1. september kl. 1800 i Kulturkyrkja Onarheim

Eit glimt i Jakob Sande si dikting - foredrag v/sokneprest **Reidar Ådnanes**. Arr. Kulturkyrkja Onarheim

Eventyrseglasen Askeladden

Laurdag 2. september-sundag 3. september

Start laurdag klokka 1100 ved Blia, Korsneset og løypa går til Våge på Tysnes der det vert målgang. Sosialt samvær, hyggelig middag og premieutdeling på Mandelhuset laurdagskvelden. Sundag er det start med Våge og seilas nordover til Blia.

Meir informasjon og påmelding finn du på www.os-seilforening.org
Arr. Milde Båtlag og Os Seilforening



Kvinnherad



Kvinnherad kommune er svært rik på kystkultur, og i kommunen er det mange eldsjeler som legg ned ein stor innsats for å ta vare på og formidla kystkulturhistoria. Så lenge det har budd folk i området har tilhøvet til sjøen vore sentralt. Halsnøybåten er det eldste minnet vi har om folket

sin bruk av sjøen. Heilt attende frå Halsnøybåten si tid og fram til i dag kan vi trekkja ei line. Kvinnherad har frå den tid til i dag vore ein sentral stad for båt- og skipsbygging. I dag har vi fleire verksemder innan båt-



PROGRAM

Aktivitetsdag på Buo på Valen

Laurdag 19. august

Dagtid: Aktiviteter for barn og vaksne knytta til sjøen i samarbeid med kystlaget. Kveldstid: vaksenfest på Buo. Sjå www.kystsogeveke.no for meir informasjon. Arr. Valestiftinga, Kvinnherad Kystlag

Museumsdag på Rød

Sundag 20. august kl. 1400

kl. 14: Friluftsgudsteneste v/ **Lina Håland** - kyrkjekaffi

kl. 15: Utstilling/ temaforedrag i Lemstova

kl. 16: Konsert i Røykstova

Hesteskokasting

Inngang: kr. 100,- Born: Gratis

Arr. Bygdetunet Rød

Fartøybygging i Ølve 1850-1960

Sundag 20. august kl. 1300

Lars Nerhus held foredrag om fartøybygging på skipsbyggjeplassen Øyra der mellom anna Hardangerjakta Mathilde blei bygd. Omvisning og utstilling av verktøy, båtmodellar og bilete. Sal av kaffi og vafler. Arr. Kulturnemnda i Ølve Bygdelaag

Bergslagendag

Laurdag 2. september kl. 1100-1500

Ymse aktivitetar for små og store ved Bergslagen med fokus på kystkultur. I samarbeid med andre lag og organisasjonar i bygda. Arr. Sunde Kyst og Litteratursenter

og skipsbygging tilstades lokalt, og vi har også to av verdas fremste liubåtprodusentar lokalisert i kommunen. Kvinnheringane er stolte av kystkulturen og tradisjonane knytt til denne som vi er så rike på i vårt lokalsamfunn.

Eg ynskjer alle kystsogeentusiastar til lukke med Kystsogevekene 2017!

Helsing Peder Sjo Slettebø, ordførar



Foto: Lena Eikeland Kutschera

Kom deg ut dagen - på Valøya

Sundag 3. september kl. 1200

Vi legg til rette for blant anna grilling, fiskeing, natursti og padling i kanoar og kajakkar og labyrinth-orientering. Kvinnherad Undervassklubb kjem også. Valøya er eit viktig rekreasjonsområde med kulturlandskap, stiar og bade- og fiskeplassar. Parkering ved båthamna. Følg med på kystsogevekene.no for meir informasjon. Arr. Kvinnherad Turlag, Barnas Turlag

Restaurering av Gjøl

Folgefonnsenteret onsdag 6. september kl. 1800

Foredrag ved **Morten Hesthammer** som fortel om prosessen med å restaurera Gjøl. Innleing ved **Knut Skåla** som fortel om GjølKnuten som bygde fartøyet. Arr. Interesselaget for Galeas Gurine



Foto: Lena Eikeland Kutschera




Bømlo

*- driftige folk i
vakker natur*

Du er aldri langt frå sjøen på Bømlo, ein øykommune med til saman over 1 000 større og mindre øyar der Nordsjøen er næraste nabo. Det maritime miljøet pregar næringslivet. Sjøen er også viktig for reiselivsnæringa, der skjergarden lokkar med holmar og øyar, lune vikar og kanalar. På Bømlo finn du

Foto: Simon Knutsson Sortland, Bømlo kommune



vekslande natur, frå det karrige landskapet ytst mot havet, til meir frodige område.

Frå Siggjo (474 m.o.h.), den høgaste fjelltoppen, er det utsyn frå Folgefonna i aust til Haugesund i

sør, eit populært turmål og kjent landemerke. Bømlo er eit eldorado for fiskeinteresserte, kajakkentusiastar, og

PROGRAM

Kystsogevekeutstilling med Bjørg Strømme

Offisiell opning **laurdag 12. aug klokka 1200**
Bjørg Strømme stiller ut bilder i akvarell, akryl og foto på plate. Utstillinga står til 24. september 2017
Arr. Moster Amfi

Konsert med Nordic Tenors

Laurdag 12. aug kl. 2000

Tenorane Sveinung Hølmebakk, Jan-Tore Saltnes og Roald Haarr i Nordic Tenors kombinerer utsøkt kunstnerisk kvalitet med humor, dans og musikalske overraskingar.

Arr. Moster Amfi

Kystsogedagane i Langevåg

Fredag 25. aug:

Kl. 19:00 Dørene åpnes

Kl. 19:30 – Kl. 21:00 Servering av sjømat-buffet

Kl. 21:00 Show med 3Busserulls og Juablon Orkester

Allsang Pub Kl. 01:00 Slutt

Laurdag 26.aug:

Kl. 09:30 – 10:30 salg av frokost i kaféen.

Kl. 10:45 Opning med konferansier Kurt Johansen

Kl. 11:30 Ro konkurranse

Kl. 12:00 – 14:00 Flotte toner fra Svanhilds orkester

Kl. 12:00 Salg av fiskesuppe, fiskekaker, bacalao, grillmat, kaker og kaffe

Kl. 13:00 Trekning av vinneren (kakebaker) av Revy/Dans billetter.

Gratis: Kl. 13:00 – 14:30 Karneval med dukkevogn og to/trehjuls sykkelparade for barn i gymsalen på skulen. Loddssalg hele dagen.

både syklande og gåande har flotte alternativ å velje mellom. På Bømlo kan du oppleva kunst, kultur og festivalar gjennom heile året! I Bømlo kommune byr me på ekte kystkultur ved Kulleseidkanalen, Langevåg, Brandasund og Moster Amfi under Kystsogevekene.

*Helsing
Odd Harald Hovland
Ordførar Bømlo*

Kl. 15:10 Kassabilløp med flotte premier. Start i midten av Vodlabrekka

Ca 16:00 Premieutdeling, loddtrekning.

Ca Kl. 16:15 Gratis konsert

Laurdag kveld:

Kl. 20:00 Dørene åpnes

Kl. 21:00 Show med Ausekarane

Kl. 23:00 Dans

Kl. 02:00 Slutt

Sundag 27.aug:

Bømlo Sokneråd arrangerer vandring på gamle kyrkjestien. Oppmøte på Vika v/skytebanen. Forfriskninger på kyrkjebakken etter turen. Sangtime i gamlekyrkja. Sjå oppdatert program seinare på www.kystsogevekene.no

Kl.18:00 Gratis kino og pizza for ungdom 11 – 18 år.

Påmelding til Frode i Bygdatunet, post@bygdatunet.no

Arr. Langevåg Bygdatunet

****Meir Bømlo-program på side 54**

Kanaldagane

1. sep- 3. sep ved Kulleseidkanalen

Fredag 1 september:

kl 1700 messa opnar

Kl 1710 Våge skulemusikklag

kl 1715 opning

kl 1800 Bømlo Ten Sing

kl 19 -21 barnediskotek

kl 2100 messa stengjer

Laurdag 2 september

kl 1000 messa opnar

kl 1100-1700 Eliasbåt

kl 1230 foredrag på Finnås

bedehus: Historien om Innvær Plast

kl 1300 Kløver & Skarre

kl 1330 Serlina Sulebakk

kl 1500 ABBA show

kl 1800 messa stengjer

Kl 2000-0130 konsert, show, dans med Bjørn Jensen og Vestlandsfanden i teltet

Sundag 3. september

kl 1000 messa opnar

kl 1100-1500 Eliasbåt

kl 1100 gudstjeneste

kl 1330 klovnen Ray Speedy

kl 1500 The Jokers

kl 1700 messa stengjer

Arr. Kanaldagane



Foto: Lena Eikeland Kutschera



Stord



Stord og stordabuen har alltid vore vendt mot sjøen, kysten og verda der ute.

Aktivitetar knytta til sjøen har gjeve oss arbeid, vekst og utvikling. For å forstå samfunnet me lever i, må me kjenna historia og kva som har ført oss hit. Difor er det avgjerande viktig at me tek vare på tradisjonane frå kystkulturen. Og minnar oss sjølv på at når me på Stord i dag utviklar og leverer

maritim teknologi og produkt i verdensklasse, så står me på skuldrane til kjempene som gjekk føre oss og la grunnlaget for industrien vår. Me vonar arrangementa gjennom kystsogevekene vil vera spanande og lærerike for alle generasjonar, og vil bidra til større interesse og kunnskap for kystkulturen.

Jakob Bjelland, Varaordfører Stord

PROGRAM

Historisk reise i Sunnhordland med DS Stord1

Fredag 18. aug 0915 Leirvik

Avgang Leirvik ca. kl. 09.15 (ombordstiging frå kl. 08.30 – korrespondanse med snøggbåt frå Skånevik og Sunde).

Turen går gjennom Fjelbergssund til Ølen/Etne, Skånevik, Sunde og tilbake til Leirvik ca. kl. 16.00.

Med på turen vert også foredragshaldar Harald Sætre (om HSD sine rutebåtar), **Kjell Magnus Økland** (om Kystsogevekene og Oselvaren) og trubadurar som underheld med sjømannssongar. Arr. Stiftelsen DS Stord1

Kanotur på Storavatnet ved Litlabø

Sundag 20. august kl. 1100

Oppmøte ved Vaskeriplanet. Me utforskar holmar og sund i dette spennande vatnet. Her er det også høve til å ta med fiskestang. Me gjer strandhogg og tek matpause på ein av holmane. Ta med redningsvest. Kontaktperson: Guttorm Fjose, tlf. 928 05 351.

Arr. Barnas Turlag, Stord-Fitjar Turlag

Vervadagane i Sagvåg

Laurdag 26. august 1000-1500:

Utstillingar i plankahuset, båtar med kaien, skipsarbeid på verven, arrangement for borna /tur med "Brit-besto", saging på oppgangsgaga, tau, spleis og knutar for born og vaksne.



Foto: Kjell Magnus Økland



Foto: Lena Elkland Kutschera



Foto: Lena Elkland Kutschera

Kafe og salgsboder med handverksprodukt. Butikken er open med sal av nymalen kaffi, brød og snop. Sagvåg musikklag spelar. Smeden i smia. Koking av bek, laging av trenaglar. Sondag 27. august: vervagudsteneste i friluft på kaien. Arr. Sagvågen Kystlag

Open dag på Sunnhordlandstunet

Laurdag 2. september kl. 1100-1500

Me opnar krambua og syner barneteater i løa. Vår nye utstilling er «SE TORSKEN» laga av Tromsø Universitetsmuseum i samarbeid med Havforskninga. Der blir det foredrag, guiding og «fiskekonkurranse»! Vi har også ei ny utstilling om tilreknelegheit og «dei farlege galne», om psykiatri og rettsvern frå mellomalderen og opp til vår eiga tid, utlånt av Justismuseet i Trondheim. Stord

Husflidslag står for kafé og aktivitetar for barn, samt demonstrasjon av gamle handverk.
Arr. Sunnhordland Museum og Stord Husflidslag

Kom deg ut dagen - v/Skjephaugen

Sundag 3. september kl 1200

Barnas Turlag/Stord-Fitjar Turlag inviterer til den årlege KOM DEG UT-dagen ved gapahuken i Skjephaugen. Padling i Skjephaugvatnet. Turtipp og natursti. Servering av pølser, saft og kaffi. Velkommen til verdas største leikeland! Guttorm Fjose, tlf. 928 05 351, sjå www.kystsogevekene.no. Arr. Barnas Turlag, Stord-Fitjar Turlag

****Meir Stord-program på side 54**



Sveio

- midt i leio

Kystkultur på sitt beste

Kystsogevekene har gjennom mange år vore med å løfta fram viktig kystkultur i vår kommune. Nye generasjonar har blitt kjende med historie og aktivitet på ein spennande måte. Kysttunet i Auklandshamn, «Gullnaustet» i Buavåg



og Ryvarden Kulturfyr er utgangspunkt for arbeidet med vår kystkultur. Her har mange fått kjennskap til gammalt handverk, kvalfangarhistorie,

båtbyggjarkunst, matproduksjon, matoppleving, vår fyrhistorie, konsertar og nyare kystliv. Takk til alle som arbeider frivillig med vår kystkultur og historie.

PROGRAM

Fyrjazz på Ryvarden Kulturfyr

Sundag 13. august kl. 1300

Nairobi Trio fra New Zealand vert omtalt som "New Zealand's hottest Acoustic Jazz ensemble" og ein av publikumsfavorittane ved tidlegare Sildajazzfestivaler. Inspirert av Django Reinhardt spelar dei klassisk jazz, men òg med innslag av nyare popmateriale. Bli med til Kulturfyret Ryvarden på festivalens siste dag! Opplev den hyggelege stemninga ute i havgapet. Dersom dårleg vær trekkjer me inn i hovudhuset som rommar inntil 100 personar. Arr. Ryvarden Kulturfyr, Sildajazzen

Konsert med rømmegraut

Laurdag 26. august kl. 1930 i Sjøhuset i Buavåg

Hans Christian Andersen og dottera Hanne spelar konsert. I tillegg skal Olav Halvorsen få fram smilebandet hos oss. Servering av rømmegraut. Arr. Sveio Gullforening

Temadag om bøkring

Sundag 3. september kl. 1300 i Kysttunet i Auklandshamn

Sveio Kystlag inviterer til temadag om bøkring med aktuelle foredrag og servering av middag. Ein bokkar eller tønneakar er ein handverkar som lagar og reparerer tønner, fat og andre runde eller ovale kjørel av breie trestavar som vert haldne saman av utvendige band av tre eller metall. Produkta til bøkkaren var emballasje for lagring og transport av varer som vin og sild. Arr. Sveio Kystlag

*Takk til alle som er med å
lage opplevingar for liten og
stor gjennom
Kystsogevekene. Me glear
oss og ønskjer velkommen
til nye Kystsogeveker i Sveio
kommune!*

*Beste helsing
Jorunn Skåden
ordfører*

Foto: Lena Eikeland Kutschera



Foto: Lena Eikeland Kutschera

Kystlandskapsdagen på Tjernagel

Sundag 10. september kl. 1200 ved Tjernagelhaugen

Kulturminnevandring på området for den tidlegare Tjernagelsendaren. Orientering om arkeologisk utgreiing om Tjernagelhaugen som vart fjerna i forbindelse med etablering av sendaren i si tid, og om dei rekonstruerte gravkistene. Orientering om Kystlandskaps-parken sine planar for re-etablering av haugen eller deler av denne. Den lokale biletkunstnaren **Billy Roy Økland** presenterer skisser for ulike løysingar. Salg av og orientering om boka 'Kulturminne i Sveio' som kom ut i fjor. Familiedag med salg av grillmat. Arr. Kystlandskapsparken i Sveio.



Foto: Per Arne Lindvik / Sildajazz

****Framhald program Øygarden s 15**

Utstillingar ved Kystmuseet i Øygarden:

Eg rodde meg ut

Fiske til eiga gryte og til sal i byen. Heimefisket har lange tradisjonar på øyane ved havet både som næring og levevis. Eit rikt innsig av makrell og sild i vågen og gode fiskeressursar få sjømil unna naustet, gjorde folket kring Ovågen sjølvberga året rundt. Reiskapane som blei brukte i dette tradisjonelle fisket var handsnøre, line, ulike garn, landnot og teiner. Oftast laga heime på garden eller kjøpte hos bondehandlaren i Bergen. I eit naust ved Ovågen fortel vi historia om folket og reiskapane dei brukte.

Livet ved havet

Kva er det som har gjort at ein har kunne busett seg her ytst i havgapet? Ressursane frå havet har alltid vore, og er framleis viktige her i Øygarden. Fiske og jordbruk har vore levevegen for fiskarbonden som levde her ute, no er det olje- og gassindustrien som på mange måtar har tatt over. Gjennom bilete, film, tekst og gjenstander fortel vi korleis samfunnet her i Øygarden har endra seg gjennom tidene - frå dei fyrste menneska kom hit rett etter siste istid og fram til i dag.

Bli med på eit moderne havbruksanlegg.

På Kystmuseet kan du oppleve laks på ein unik måte. Bli med på ein fartsfylt båttur og på omvisning på eit moderne fiskeoppdrettsanlegg i Øygarden. Du får oppleve laksen på nært hald. Guiden vår fortel om havbruksnæringa og korleis den har utvikla seg i Noreg og lokalt i Øygarden. Daglege turar kl. 13 og 14 i hovedsesongen mai-august. På sundagar går det turar kl. 13 og 14 frå april-oktober.

Elles etter avtale. Spørsmål og bestilling: **Marianne Lindgren**, Marianne.Lindgren@museumvest.no, tlf: 53 00 61 40

Opetider Kystmuseet i Øygarden:

August: Måndag-fredag 1100-1600, Laurdag 1100-1600, Sondag 1200-1700

September: Sondag 1200-1700, elles etter avtale

Arr. Kystmuseet i Øygarden

****Framhald program Lindås s 19**

Informasjon om biosfæreprosjektet

Måndag 18. september kl. 1900 på Lindås Bibliotek

Informasjon om biosfæreprosjektet ved Kari Natland og Peter Emil Kaland. «Det er tre år sidan kommunane i Nordhordland saman med Universitetet i Bergen sette i gang arbeidet med å få gjort Nordhordland til biosfæreområde. No har Norge som nasjon bestemt seg for å støtte dette arbeidet. – Dette er eit viktig steg vidare for oss, seier Jon Askeland, ordførar i Radøy og leiar for styringsgruppa i biosfæreprosjektet. – Gjennom biosfæreprogrammet vil Nordhordland bli del av eit verdsomspennande nettverk som kan bety særskilt mykje for ei positiv utvikling av regionen, seier han." (henta frå www.masfjorden.kommune.no)

Arr. Lindås Bibliotek

Å berga eit handverk – Oselvaren

Sundag 27. august kl. 1500 i Eknesvågen

Å berga eit handverk. Oselvaren frå vikingtida og fram til i dag. Foredrag der **Åsmund Lien** fortel om Oselvaren si historie og viser film. Han var dagleg leiar for Oselvarverkstaden frå 1997-2016. Arr. Eknesvågens Venner

Padletur ved Eikangervågen

Torsdag 31. august kl. 1700. Arr. Nordhordland Turlag

Minipadlekurs i Eknesvågen

Sundag 10. september kl. 1500-1800

Minipadlekurs med **Audun Håland** frå Nordhordland padleklubb. For å sikra at alle får låna kajakk vert det sett ein påmeldingsfrist 30. august. Påmelding til **Turid Eknes** telefon: 959 04 855 eller: turideknes@gmail.com
Arr. Nordhordland Padleklubb

****Framhald program Sund s 29**

Tur Vorland-Veten-Vorland

Sundag 17. september

Turen går frå Vorland til Vorlandstuva og vidare til Randifjell der vi tar ein liten matpaise, så opp til Veten og ned til Vorland via Fadrabordet. Husk litt mat og drikke. Turtid ca. 4 timer.

Oppmøte på Vorland ved den nye rasteplassen **kl. 1100.**

Vanskelighetsgrad: Middels

Passer spesielt for: Vaksne

Arr. Sund Turlag

Utstillinger på Nordsjøfartsmuseet

Virtuell vandring i Telavåg

Last ned appen «**Virtuell vandring Telavåg**» og la appen guide deg til dei mest sentrale stadene for hendingane i Telavåg under 2. verdskrigen. Samtidig fortel den deg historiane (film, bilder, lyd) som er relevant for stadene. Appen er tilgjengeleg for både iOS og Android. Fungerer på nettbrett og smarttelefon.

Nordsjøfartsutstillinga

Under krigen var det dødsstraff for å krysse Nordsjøen. På **Nordsjøfartsmuseet** får du eit innblikk i liva til dei som trassa forbodet. Dei fleste flykta over til Storbritannia for å verve seg i dei allierte styrkane og mange risikerte livet for å frakte våpen, agentar og utstyr tilbake til motstandsørsla i Noreg. Motstandskampen i Noreg var ikkje mogleg utan desse hemmelege og farefulle operasjonane. Utstillingane passer for alle, men eignar seg best for vaksne og barn over 12 år.

Telavågutstillinga

Ingen andre stader i Noreg vart så hardt råka av tysk terror under andre verdskrigen som Telavåg. På **Nordsjøfartsmuseet i Telavåg** blir den dramatiske historia til folket her ved havet fortalt. Du vil få innblikk i unike historier frå kvinner, barn og menn som opplevde terrorhandlinga. Dei fortel om sjokk, sorg, frykt, arrestasjonar og korleis livet i fangenskap var. Du kan høyre om korleis det var då ungane vart skilde frå mødrene sine, og sjå eit stort utval av bilete frå fangetida til kvinnene og borna. De kan sjå nazistane sine egne foto frå arrestasjonane og øydeleggjingane av bygda, og lese vitneprovet til ein av dei tyske soldatane som deltok då bygda vart sett i brann.

Opetider i august: Måndag-laurdag 1100-1600,

Sundag 1200-1700. Elles etter avtale

Opetider i september: Sundag 1200-1700

Elles etter avtale. Arr. Nordsjøfartsmuseet



****Framhald program Radøy s 17**

Konsert med Grieg og folkemusikk

Fredag 1. september kl. 1800 på Sæbø Skule

Konsert med Grieg og folkemusikk som tema sunge og spelt av unge på Radøy, presentert av **Ann Christin Hoen**.

Oppdatert informasjon vert lagt ut på

www.radoy.kommune.no.

Arr. Radøy musikk- og kulturskule

Padletur Snekkevik-Taulsvåg

Torsdag 7. september kl. 1800

Frammøteplass m/eigen kajakk: Snekkevik

Meir informasjon på: www.kystsogevекene.no

Arr. Nordhordland Turlag

Konsert i løa i Venshøyen

Laurdag 9. september kl. 1900

Forestilling: Historie om Gjest Baardsen Ønskereprise:

Konsert med visesongaren **Kurt Hatten** frå Alversund. Løa i Venshøyen på Nordre Villanger 20. Arr. Risnes Grendalag

Korps på friluftstur til Tveitåsen

Laurdag 9. september kl. 1400

Manger skulemusikkklag inviterer til tur til Tveitåsen og konsert. Frammøte på Tveiten. Rebusløp og sal av mat.

Arr. Manger Skulemusikkklag

Risnesmarknaden

Laurdag 9. september kl. 1100

Salsboder med kortreiste varer. Hesteskokasting og luftgeværskyting. Levande musikk. Sal av mat, brus og kaffi.

Alle samlast på kaien. Veteranbuss går i skytteltrafikk frå Villanger. Arr. Risnes Grendalag

Familiedag ved Marås Grendahus

Sundag 10. september kl. 1300-1600

Det vert natursti og aktivitetar for gamal og ung.

Sal av betasuppe, hot dog og kaffimat. Arr. Marås 4H

Livet på prærien

Sundag 10. september kl. 1200

Familiedag på Vestnorsk Utvandringssenter med aktiviteter, levande historie og norskamerikansk præriestemning. Ta på deg cowboykleda og bli med!

Arr. Vestnorsk Utvandringssenter

Kveldsmat-tur til Storufsen

Onsdag 13. september kl. 1730

Oppmøteplass: Grendahuset ved Sætre, Radøy

Arr. Barnas Turlag, Nordhordland Turlag

Migrasong – tonane dei bar med seg over havet

Sundag 17. september kl. 1600 i Emigrantkyrkja

Musikk- og forteljarprogram med **Reidun Horvei** og musikarar. Den visuelle klangbotnen vert eit biletspel prosjektert som ein bakgrunn og vil fungera som ei fordjuping av utvandrarane sitt levevis. Billetter kr 250,- Arr. Vestnorsk Utvandringssenter

Ope på Nordanger Gardsmuseum

Sundag 17. september kl. 1200-1400

Den gamle skulen på Nordanger var i bruk til 1912, og er no museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen kan du sjå skulehuset og samlingane. Inngang kr. 20,- Arr. Nordanger Gardsmuseum

****Framhald program Os s 35**

Oselvarfestivalen 2017

Laurdag 2. september-sundag 3. september

Vel møtt til Oselvarfestivalen 2017! Bli med og feir Norges Nasjonalbåt. Her vert det kapproing i Oselvar, rebusløp i Oselvar for borna, felles sundagstur i Oselvar, konsertar, høve til å få deg ei Os-tatovering samt anna flott lokal kultur. Alt med Oselvaren i fokus! Følg med på kystsogeveke.no for meir oppdatert info. Arr. Os kommune, Oselvarverkstaden, Oselvarlaget

Kom deg ut dagen - på Lysøen

Sundag 3. september

Me inviterer til mykje moro og aktivitetar for heile familien mellom **kl. 09.-15!** Det vert rebusløype til tårnet med poster, ansiktsmaling, linebalansering, tautrekking, lavvobygging og mykje meir. Gratis båtskyss frå Buena kai til Lysøen **kl. 09.00–11.00** (båten går under heile arrangementet). Påmelding til Os Turlag på Buena kai. Arr. Museet Lysøen, Os Turlag

Ro til fjells med Oselvar!

Laurdag 16. september (reservedag: sundag 17. september) Velkomne til rotur til fjells. Start, utlån av båtar og mål ved Oselvarnaustet på Osøyri. Vi ror over ytre del av Fusafjorden, forbi Sandholmane og inn til Skjørsand i Fusafjorden. Distanse 7,7 km/4,1 nm. No har vi rodd omlag til foten av fjellet. Vi held fram til fots til toppen av Bogafjellet 438 m.o.h. Simen Soltvedt vert turleiar på fjellturen. Det er framifrå utsikt frå toppen av fjellet utover landområda kring Bjørnefjorden. Med roleg gange tek fjellturen eit par timar. Arr. Oselvarlaget, Fusa Turlag

****Framhald program Bømlo s 45**

Halldis Moren Vesaas-kveld

Sundag 17. sep kl. 1700

«Einsamflygar» - Halldis Moren Vesaas sine dikt får tonefyllgje av komponisten og songaren Amund Enger (komponist og songar), Andreas Ulvo (piano), Gjermund Silset (bass) og Erland Dalen (perkusjon). Velkommen til ei fin konsertoppleving i Amfisalen! Arr. Møster Amfi

****Framhald program Stord s 47**

Kom deg ut – på Hiskjo

2. september kl. 1200-1500

Barnas Turlag inviterer til opplevingsdag ute i naturen. Arrangementet vert i Melkevik på Hiskjo. Her kan barn og vaksne boltra seg med mange ulike aktiviteter og nyte ein dag med frisk natur og nærleik til havet. Arr. Bømlo Turlag, Meling Speidergruppe og Bømlo Røde Kors Hjelpekorps

Nausttufta til eit vikingskip

Onsdag 6. sep kl. 1730-1930

Ved nausttufta på Rommetveit: -velkomen v/ barn i Villvettene Friluftsbarnhage og elev ved Rommetveit Skule, -orientering om prosjektet v/**Atle Bjørn Mæhle**, Stord Sogelag, -elevar ved Rommetveit skule fortel om nausttufta. **Kl 1815** i gymsalen, Rommetveit skule, -lærer **Øyvind Nordlie** fortel om det pedagogiske opplegget, -elevar syner filmar dei har laga om vikingtida med utgangspunkt i nausttufta. Arr. Rommetveit Skule, Villvettene Friluftsbarnhage, Stord Sogelag



Kystkultur -
tradisjon og utvikling



	Askøy	s 24
	Austevoll	s 32
	Austrheim	s 10
	Bergen	s 30
	Bømlo	s 44
	Fedje	s 8
	Fitjar	s 38
	Fjell	s 22
	Fusa	s 36
	Gulen	s 6
	Kvinnherad	s 42
	Lindås	s 18
	Masfjorden	s 12
	Meland	s 20
	Os	s 34
	Osterøy	s 26
	Radøy	s 16
	Stord	s 46
	Sund	s 28
	Sveio	s 48
	Tysnes	s 40
	Øygarden	s 14

Kystsogevекene finn stad kvart år i august og september og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen og Hordaland Fylkeskommune.

Stiftinga Kystsogevекene er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere til og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege Kystsogevекer i Hordaland og Gulen.

Kystsogevекene speglar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar. Kvart einskild kulturarrangement er sjølvstendig, samstundes som det inngår under paraplyen Kystsogevекene. Kystsogevекene er allsidig som det skiftande veret på Vestlandet og programmet femner vidt, frå store folkefester til intime konsertar eller små arrangement: marknader,

konsertar, torgdagar, revyar, turar og aktivitetar. Mange veteranbåtar er i sving, og folk i alle aldrar får prøva seg på ulike maritime aktivitetar. Tradisjonsmat, handverk og arbeidsteknikkar, lokale skip og båtar er sentrale ingrediensar i Kystsogevекene. På dei mange marknadene kan småskala-produsentar av ulikt slag, særleg innan mat og handverk, visa seg fram for publikum.

På sikt arbeider Kystsogevекene for å fremja kystkultur og styrkja identiteten i kystdistrikta. Auka trivsel, vekst knytt til kultur- og reiselivsopplevingar på kysten er andre viktige målsetjingar.

Ta gjerne kontakt med dagleg leiar, Kjell Magnus Økland

Tlf. 95 04 67 39

kystsogevекene@hfk.no

For meir informasjon - sjå www.kystsogevекene.no

**Kystkultur -
tradisjon og utvikling**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



GRIEG FOUNDATION



Stiftelsen Neptun Bergen



#kystsogevекene



facebook.com/
kystsogevекene